



Foto: Mariann Skau, Frode Rønning

/// Årsrapport 2024



1	Innleiing frå kommunedirektøren.....	3
2	Kommunen som verksemd	4
2.1	Overordna mål.....	4
2.2	Politisk organisering og aktivitet	4
2.3	Administrativ organisering	5
2.4	Kommunen som arbeidsgjevar - status	5
2.5	Etikk og likestilling	11
2.6	Heiltidskultur	12
3	Økonomisk status – 2024.....	13
4	Løyvingsoversikt drift – overordna inntekter og utgifter.....	15
4.1	Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt.....	16
4.2	Eigedomsskatt.....	16
4.3	Andre generelle driftsinntekter.....	17
4.4	Netto finansutgifter	18
4.5	Disponering eller dekking av netto driftsresultat	20
4.6	Overføring til investering.....	21
4.7	Bundne fond	21
4.8	Disposisjonsfond	22
5	Finansielle måltal	23
5.1	Netto driftsresultat	23
5.2	Disposisjonsfond	24
5.3	Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad	25
6	Løyvingsoversikt drift del 2 - Status for sektorområda	27
6.1	Administrasjon	28
6.2	Oppvekst	31
6.3	Helse og omsorg	38
6.4	Samfunn	48
6.5	Pensjon og lønsavsetjing.....	59
6.6	Kraft.....	59
7	Interkommunale samarbeid.....	60
7.1	Miljøretta helsevern	60
7.2	Frisklivssentralen.....	60
7.3	Legevaktsentral	60
7.4	Sogn IPR / Sogn KO.....	60
7.5	Skog i Sogn	60

7.6	Sogn kulturskule	61
7.7	Sogn friluftsråd KO	61
7.8	Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt	61
7.9	Sogn PPT og logopedisamarbeid	61
7.10	Jordmorvakt.....	62
7.11	Sogn brann og redning IKS	62
7.12	Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS.....	62
7.13	Alarmsentralen IKS.....	62
7.14	Kommunearkivordninga i Vestland KO.....	62
7.15	Interkommunal samhandlingskoordinator	62
8	Investeringar	63
8.1	Prosjektliste	65
9	KOSTRA-tal	69

1 Innleiing frå kommunedirektøren

Me leve i ei tid med store omveltingar, der framtida kan kjennast både utrygg og overveldande. Men i min kvardag har eg også eit privilegium: å få møte dei som gir meg håp for framtida. Eg møter borna i velkomstklassa, ser dei leike i parken, og blir møtt med smil og hei når eg går inn i kommunehuset. Det gir meg tru på at framtida kan vere lys, sjølv når omstenda er utfordrande. Det er kanskje når vi møte vanskelege tider og uvisse, at me som kommune kan bidra aller mest.

Når me gir våre tilsette rom til å utforske nye løysingar, utviklar me tenestene og skapar betre kvardagar. Velkomstklassa er eit godt døme på dette.

Ser vi på den større verda rundt oss, vart me også i 2024 påverka av klima- og miljøkrisa, geopolitiske spenningar og konflikhtar, teknologisk utvikling, fleire flyktningar og migrasjon, høge levekostnader og økonomisk press. Aukande sosiale ulikskapar, og utfordringar knytt til psykisk helse, barnefattigdom og rusmiddelmissbruk er samfunnstrendar som vi som kommune må kunne møte. Dette skal vi gjere samstundes som velferdstenester som helse, skule og eldreomsorg kjem under press som følgje av mangel på tilsette og utfordringar med kommuneøkonomien.

I 2024 vedtok kommunestyret å ta grep om framtida til kommunen gjennom både å endre måten vi jobbar på, og å få utgreidd strukturelle endringar. Det handlar om å møte krevjande økonomiske forhold og aukande krav frå innbyggjarane, med nye og effektive måtar å levere på samfunnsoppdraget på. Slik kan me sikre at innbyggjarane får tenestene dei treng i ei framtid prega av uvisse og endring. Alternativet vert kutt i tenester og auka avstand mellom kommune og innbyggjar.

Ved å endre måten vi jobbar på, kan vi også møte frustrasjonen mange tilsette kjenner på ved at dei ikkje har moglegheit eller rammer til å kunne gjere jobben som dei ønskjer. Endringane skjer gjennom å våge å utfordre eigen praksis og ved å hente innsikt frå innbyggjarane, tilsette og andre som har erfaring med det vi står i. I 2024 tok me nye steg mot å ruste kommunen for å møte ei ny framtid.



Foto: Ken Heine Bakke

2 Kommunen som verksemd

2.1 Overordna mål

Kommunen sine tre overordna mål er vedtekne i samfunnsplanen for perioden 2021-2030: **livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit**. Alt me gjer og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla.


Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere **utfordrarbygda**. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.

Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. **Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn** er alle tydelege på retning, og vidfemnande nok til å kunne gje retning for alt me gjer. Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene.

2.2 Politisk organisering og aktivitet

Kommunestyret i Sogndal har 31 medlemmer og er organisert etter formannskapsmodellen.

Figur 2.2: Politisk organisering i Sogndal kommune



Føremålet med den politiske organiseringa er å sikre at Sogndal kommune har eit ope og styringsdyktig lokaldemokrati med føreseielege og inkluderande politiske prosessar. Det skal vere brei deltaking i dei politiske prosessane, der innbyggjarane vert informerte og høyrde. Folk i alle aldersgrupper og frå ulike miljø i heile kommunen skal ha innverknad på samfunnsutviklinga. Kommunestyret har i 2024

hatt 7 møte, og handsama 103 saker. Kommunestyret hadde i tillegg folkevaldprogram våren 24 og dialogdag hausten 2024.


Gjennom året har kommunestyret mellom anna handsama saker som busetjing av flyktningar, kommunal transportplan, eigarskapsmelding, planlegging av trenings- og opplæringsbasseng, rusmiddelpolitisk handlingsplan og eigedomsstrategi. I tillegg har det vore gjennomført val til ulike utval.

Andre saker som har vore handsama er budsjett og økonomiplan, rekneskap, ulike vedtekter, reguleringsplanar, forskrifter, vertskommunesamarbeid og ulike høyringsuttalar.

2.3 Administrativ organisering

Sogndal kommune har gjennom 2024 vore organisert i tre sektorar samt to støttetenester, jf. organisasjonskart.

Figur 2.3: Administrative organisering i Sogndal kommune



2.4 Kommunen som arbeidsgjevar - status

Sogndal kommune er ein stor arbeidsgjevar med kunnskapsbaserte medarbeidarar på alle nivå og einingar. Kommunen brukar tid og ressursar på at kvar enkelt medarbeidar skal ha gode føresetnader, gode verktøy og rammeverk til å utføre jobben sin og yte tenestene våre på ein best mogleg måte. Rekruttering er noko av det viktigaste for kommunen i åra som kjem. Me er, og skal vere, ein attraktiv arbeidsgjevar der tilsette får høve til å jobbe med fag og under tillit. På slutten av 2024 vedtok administrasjonsutvalet at kommunen skal få revidert arbeidsgjevarpolitikk i løpet av første halvår av 2025. Dette blir eit viktig styringsdokument for korleis kommunen skal vere som arbeidsgjevar i framtida.

Bemanningssituasjonen og utfordringane som kommunen står ovanfor i åra som kjem vil krevje anna innretning av arbeidsmåtar og oppgåver enn det me har i dag. Arbeidet med å tilpasse og innrette oss for framtida skaut fart i løpet av 2024 og organisasjonen har jobba kontinuerleg og målretta med tillitsreforma dette året. Dette

arbeidet har også medført at kommunen har testa alternativ form for å organisere arbeidet i 2024. Dette arbeidet vil halde fram i 2025.

Me ser at det blir stilt store krav og forventningar til digitale løysingar, effektiv drift og nye måtar å drifte tenestene på framover. Som ein attraktiv arbeidsgjevar må me jobbe kontinuerleg og dedikert for å tilpasse oss dette på ein måte som bidreg til at me også kan yte gode tenester og vere ein spanande arbeidsplass i framtida. Arbeidet med å sjå på korleis ein t.d. kan jobbe betre med turnusarbeid starta målretta på slutten av 2024 og vil vere viktig arbeid det neste året.

Hjelparlaget som vart etablert i 2023 har jobba systematisk og tilsikta med å skalere arbeidet i 2024. Inngangen til arbeidet er framleis å vere tydeleg på målet med innbyggjaren som det viktigaste for alt me gjer. Fleire deler av organisasjonen har vore gjennom prosessar der kvar enkelt tilsett er med på å sjå på korleis ein kan løyse ulike hinder og utfordringar, utan å på førehand bestemme kva som skjer når det hinderet er forsert. Dette er kjernen i tillitsbasert arbeid, og er både uvant og vanskeleg for mange av oss - fordi svaret på så mange av spørsmåla dermed blir: "Eg veit ikkje". Samstundes er det umogeleg å ta på alvor ein sökande måte å jobbe på, om ikkje det vert jobba slik. Dette er uvant for organisasjonen og vil for mange bli opplevd som usikkert. Dersom ein skal jobbe truverdig med reell medverknad frå kvar enkelt vil det også bety at ein må stå i prosessar der ein ikkje på førehand veit utfallet av prosessen, kor lang tid den vil ta eller kva som blir konsekvensane.

2.4.1 Tal årsverk, tilsette, kjønnsfordeling, gjennomsnittsalder og turnover¹

Sogndal kommune hadde per 31.12.24 1318 tilsette fordelt på 1123 årsverk, mot 1350 tilsette fordelt på 1131 årsverk i 2023. Det er 1014 tilsette som er kvinner og 304 tilsette som er menn. Helse og omsorg og oppvekst er dei to største sektorane med over 400 årsverk i kvar sektor. I begge desse sektorane er det også overvekt av kvinner, der det er særskilt flest kvinner i helse og omsorg. Snittalderen for tilsette i organisasjonen er 42,4 år mot 42,5 år i 2023. Snittalderen er 42,6 for kvinnene og 41,5 for mennene. Ingen sektorar har snittalder over 50 år.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for organisasjonen var 85,2 %. For kvinner er gjennomsnittleg stillingsstorleik 84,4 %, medan den for menn er 86,2 %.

I Sogndal er turnover 5,6 %. Den korte definisjonen av turnover er den delen av tilsette som sluttar frå eitt år til eit anna. Tala for turnover inkluderer både fast- og timelønna, engasjement, utdanningsstillingar, faste og mellombelse tilsette samt heiltid- og deltidstilsette. Nasjonalt er turnover for både fylkeskommunar og kommunar 12,7 %.² Dette er uendra frå året før. Sogndal kommune ligg lågare enn det nasjonale snittet og for andre samanliknbare kommunar.

2.4.2 Sjukefråvær

I sjukefråværsrapporten er det teke med eigenmelding og legemeldt sjukefråvær. Fråvær grunna barn sin sjukdom og permisjonar er ikkje med i denne statistikken. Totalt sjukefråvær for heile Sogndal kommune i 2024 er 8,07 %. Noko lågare enn 2023 då totalt sjukefråvær låg på 8,2 %. Det er sektor plan og teknisk og samfunn

¹ Tala for årsverk, tilsette, kjønnsfordeling, gjennomsnittsalder og turnover er henta frå kommunen sitt Vismasystem, BI. Tala for turnover i Sogndal kommune inkluderer både faste tilsette, engasjement, lærlingar, timelønna og utdanningsstillingar.

² Tala for nasjonale turnovertal er henta frå KS sine sider.

som har hatt høgare fråvær i 2024 enn i 2023, medan resten av organisasjon har nedgang frå 2023 til 2024.

Tabellen under syner sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2024.

Tabell 2.4.2: Sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2024

Sjukefråvær 2024	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla 2024
Administrasjon	1,7	4,0	3,8	6,8	4,1
Oppvekst	9,3	8,3	4,9	7,2	7,4
Helse og omsorg	11,9	9,1	8,3	9,2	9,6
Plan og teknisk	9,1	8,3	7,4	8,1	8,2
Samfunnsutvikling, kultur og innovasjon	3,9	7,1	5,8	6,1	5,7

For landet samla var legemeldt sjukefråvær for kommunane i 2024 7,9 %³. Dette er ein auke frå 7,7 % i 2023 og frå 7,1 % i 2022. Samla sett ligg me noko over det nasjonale snittet. Samla eigen- og legemeldt sjukefråvær var vesentleg lågare i andre kvartal 2023 enn i andre kvartal 2024. Dei andre periodane er ganske like året før, men det er avtakande fråvær i fjerde kvartal 2024.

Intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen), som gjekk ut ved årsskiftet 2024/2025, hadde som overordna mål å skape eit arbeidsliv med plass til alle ved å førebyggje sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet, og på denne måten auke sysselsetjinga. IA-avtalen vart først inngått i 2001 mellom partane i arbeidslivet og regjeringa, og han gjeld no heile arbeidslivet. Den siste avtaleperioden varte i seks år, frå 2019 til utgangen av 2024.

Sjukefråværet i kommunane varierer mellom ulike sektorar. Sjukefråværet er både nasjonalt, og hjå oss, høgare innanfor helse og omsorg og barnehagar enn i t.d. administrasjon. Det er viktig å vere klar over at endringar i del årsverk i dei ulike sektorane har betydning for utviklinga i det samla, gjennomsnittlege sjukefråværslivået. Demografisk utvikling og politisk prioritering har dei siste åra gitt ei sterk årsverksvekst i sektorane med høgt sjukefråvær relativt til sektorane med lågt sjukefråvær. Desse prosessane trekk i retning av ein auke i sjukefråværet sjølv om sjukefråværet i kvar sektor ikkje blir endra.

Tabell 2.4.2: Fordeling av kortidsfråvær og langtidsfråvær i Sogndal kommune.

Type fråvær	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Samla
Fråvær 1-16 dagar	1,87	1,32	1	1,62	1,46
Fråvær over 17 dagar	7,51	7,07	5,47	6,43	6,61
Total	9,3	8,39	6,47	8,05	8,07

2.4.3 Førebygging og oppfølging av sjukefråvær

³ SSB via KS

Kommunen har gjennom heile 2024 og føregåande år hatt ulike gratis treningstilbod i ulike delar av kommunen. Treningstilbodet er variert og til ulike tider, slik at det skal vere mogleg å gå på trening uavhengig av arbeidsplan. Dette tilbodet er arrangert og vedlikehalde av Frisklivssentralen.

Ein har nytta slutten av 2024 til å setje i gong systematisk arbeid med oppfølging og førebygging av sjukefråvær i organisasjonen. Dette arbeidet vil bli intensivert i 2025 som oppfølging av vedtak om å redusere sjukefråværet. Det er fleire tilsette og leiarar som er usikre på korleis ein skal jobbe systematisk og godt med å unngå eller redusere sjukefråvær. Ved å profesjonalisere og systematisere dette arbeidet vil ein kunne jobbe meir systematisk med dette i heile organisasjonen. Organisasjonen må vidare jobbe meir med å legge til rette for målretta tiltak for å skape eit meir ope og trygt arbeidsmiljø. Dette vil framover vere ein viktig del av det førebyggjande og systematiske arbeidet for redusert sjukefråvær og er ein viktig del av rammeverket som ein har testa ut å jobbe etter i 2024.

Forutan dette jobbar einingane med oppfølging av sjukemelde. Som del av oppfølginga skal det lagast ein oppfølgingsplan innan 4 veker, og det skal vere dialogmøte med arbeidstakar innan 7 veker. Tilrettelegging og eventuelt samarbeid med NAV/lege/bedriftshelseteneste skal vere tema og takast i bruk ved behov. Rutinar for oppfølging og HMT-plan er tilgjengeleg for alle tilsette via intranett og kvalitetssystem.

2.4.4 Uføregard

Tabell 2.4.4 syner at når det gjeld uføredel ligg Sogndal kommune godt under snittet for kommunane i Vestland og området i KLP samla. I tillegg er det nedgang i uføredel frå 2023 til 2024. Pr. 31.12.24 har kommunen 83 personar med ein uføregard i KLP, der av 42 personar med 100 % uføregard. I Statens pensjonskasse (SPK) har 5 personar ein uføregard. Der av 1 person med 100 % uføregard.

Tabell 2.4.2: Uføregard

Kommunar og bedrifter	Uføredel
Sogndal kommune	5,48
Vestland	7,71
KLP samla	10,21

Sjukepleiar	Uføredel
Sogndal kommune	4,58
Vestland	9,07
KLP samla	8,88

2.4.5 Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Sogndal kommune har 6 medlemmar, der 3 representerer arbeidstakar (HVO) og 3 representerer arbeidsgjevar.

Arbeidsmiljøutvalet hadde 6 møte + eit ekstraordinært møte i 2024. I 2024 er det arbeidstakarsida som har hatt leiarvervet i AMU.

Saker:

- Avvik (rapport lagt fram på kvart møte)
- Sjukefråværsstatistikk (rapport lagt fram på kvart møte)
- Val av leiar
- Arbeidstilsynet - tilsyn
- Underutval AMU byggesaker

Administrasjonsutvalet i Sogndal kommune er sett saman av 5 personar, 3 av dei folkevalde og 2 hovudtillitsvalde. Administrasjonsutvalet hadde 5 møte i 2024.

Saker:

- KS debatthefte
- Sjukefråvær
- Reglement og retningslinjer
- Partssamarbeid i Sogndal kommune
- Møteplan og møtestruktur
- Permisjonsreglement
- Reglement for bruk av køyretøy i teneste

I tillegg har det vore orienteringar om m.a. kvalitetssystemet og avvik.

2.4.6 Medverknad tillitsvalde og vernetenesta

Hovudtillitsvalde (HTV) har frikjøpt tid for 2024 etter drøftingar i samsvar med reglane i hovudavtalen. Det er ulik grad av frikjøp for dei ulike organisasjonane. Det var frikjøpt ei 100 prosent stilling som hovudverneombod (HVO) i 2024. Denne stillinga har vore fordelt på tre personar i 2024. I tillegg har hovudtillitsvalde hatt gjennom deler av 2024 hatt ekstra frikjøp, til saman eit årsverk, som dei har delt mellom seg for å kunne jobbe systematisk og tett på utviklingsarbeidet i organisasjonen.

Kommunedirektøren har hatt faste møte mellom kommunedirektør og HTV/HVO i 2024, samt at det er faste møte både på sektor- og einingsnivå.

Arbeidet med tillitsreforma gjekk i løpet av fjoråret inn i ny fase. Gjennom 2024 vart partssamarbeidet systematisert gjennom minipartssamarbeid med faste møte kvar veke. I minipartssamarbeidet er alle hovudsamanslutningane representert. UNIO har to representantar (NSF og Utdanningsforbundet), LO har ein representant (Fagforbundet), Akademikerne (NITO/Tekna) har ein representant og YS har ein representant (Delta).

Partssamarbeidet har brukt tid i lag for å søke ei felles forståing for korleis me kan finne ein god måte å jobbe i lag på framover. Den viktigaste føresetnaden for å lukkast med denne måten å jobbe på er at alle i partssamarbeidet kan slutte seg til prinsippet om at me kan diskutere og endre organisering av kva som helst i heile organisasjonen under føresetnad om at ein brukar arbeidsforma frå tillitsreforma. Dette vart synleggjort gjennom at ein frå og med sommaren 2024 har testa ut alternativ måte å løyse samfunnsoppdraget på og dermed også måten me organiserer oss.

I partssamarbeidet har arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og verneomboda ulike roller. Likevel deler ein både ansvaret for og har interesse av at Sogndal kommune lukkast med å gjennomføre dei endringsprosessane som skal til for å vere i stand til å forme si eiga framtid. Det å stå i lag betyr ikkje å vere einige i alt som vert sagt undervegs. Tillitsvalde og verneteneste er deltakarar på like premiss som alle tilsette og leiarar i alle prosessar som blir køyrt i organisasjonen, og det er partssamarbeidet som set kriterium og prinsippa for prosessane som blir køyrt.

2.4.7 HMT – Internkontroll – Kvalitetssystem

Sogndal kommune har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova og det har vore utarbeida ein eigen årleg handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT). Denne er utarbeida for kvar sektor for 2024. I løpet av 2024 er det gjennomført obligatorisk arbeidsmiljøkurs/HMT- kurs for leiarar og verneombod. Det er gjennomført vernerundar ved dei einskilde områda. Vernerunden er ei årleg vurdering av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsstaden. I tillegg har me både overordna og for fleire sektorar jobba vidare med risikovurderingar.

TQM Enterprise er Sogndal kommune sitt kvalitetssystem. Systemet inneheld modular for avvikshandtering, risikostyring og rutinebibliotek. Eit kvalitetssystem er eit verktøy for å systematisere og dokumentere internkontrollen i kommunen. Eit effektivt, godt og tilpassa kvalitetssystem vil bidra til å auke kvaliteten på tenestene våre. Gjennom 2024 har ein jobba med å få kvalitetsarbeid i system. Arbeidet har hatt som mål å systematisere og gjere kvalitetsarbeidet tilgjengeleg for alle tilsette. Målet var at alle tilsette skulle bruke kvalitetssystemet dagleg, ha låg terskel for å melde frå om hendingar eller avvik, og minimere farar og risikoar i arbeidet. Arbeidet har bidrege til eit betre og tryggare arbeidsmiljø. Prosedyrar og rutinar vert oppdaterte jamleg og nye farar vert identifiserte og handterte før dei får konsekvensar. Arbeidet har dermed heva kvaliteten i arbeidet og for sluttbrukarane. Kvalitetsarbeidet er systematisert og implementert. Arbeidet med kvalitetssystemet i 2024 har gitt fleire positive resultat:

- Me har auka bruken av systemet: Talet på tilsette som bruker systemet aktivt har auka kraftig.
- Me har fått meldt inn fleire avvik: Talet på avvik som blir melde inn har auka, noko som tyder på at tilsette er meir bevisste på viktigheita av å melde inn avvik.
- Automatisering av systemet har gjort det meir effektivt å finne informasjon og melde inn avvik
- Me har fått på plass mange risikovurderingar.

2.4.8 Kompetanseheving og leiarutvikling

I 2024 har alle leiarane i kommunen jobba målretta med tillitsreform og prinsipp for tillitsbasert leiging med mål om å fremje kultur som er prega av tillit, openheit, involvering og samarbeid.

Me har lagt stor vekt på å bygge lag blant leiarane og dei tilsette for å fremje eit miljø der leiarane og dei tilsette kan dra nytte av kompetanse på tvers og utnytte dette på best mogleg måte for heile organisasjonen. Dette samarbeidet er grunnleggande for å realisere ein tillitsbasert leiingskultur. Ved å styrke tillit og trygghet i organisasjonen

er utviklinga av ein felles retning for leiarskapen sentralt. Organisasjonen jobbar kontinuerleg med å styrke ei «støttande» tilnærming til leiing som oppmodar tilsette til sjølvrefleksjon og sjølvleiing i samsvar med prinsippa om autonomi og tillit. Hjelparane og rammeverket for sjølvstyrande team set prinsipp for kontinuerleg kompetanseheving i system og ein arbeider med dette med målretta og behovsretta kompetanseheving.

Sektorane jobbar i tillegg aktivt med kompetanseheving tilpassa satsingsområda til kommunen. Kva for kompetanse og korleis dette arbeidet er innretta kjem fram under sektorane sine avsnitt.

2.4.9 Lærlingar

Sogndal kommune er tilslutta Sogn opplæringskontor, som er eit tverrfagleg opplæringskontor. Sogndal kommune har vore ein pådrivar og føregangskommune for å auke tal lærlingar. Gjennom Sogn regionråd er det inngått partnerskapsavtale med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire lære plassar i Sogn. Gjennom avtalen er det sett mål om 2,5 lærling per tusen innbyggjar.

Sogndal kommune har ved utgangen av 2024 33 lærlingar, der ein av desse er lære kandidat. Frå 2023 til 2024 auka kommunen tal lærlingar. Det vart starta 22 nye kontraktar i 2024. Kommunen har flest lærlingar i helsearbeidarfaget (22) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (9). I tillegg har kommunen lærlingar i IT og ungdomsavdelinga

Med dette har Sogndal kommune ved årets utgang av 2024 oppnådd målsetjinga om 2,5 lærlingar per tusen innbyggjar.

2.5 Etikk og likestilling

Tabell 2.5: Fordeling av kvinner og menn i leiarstillingar i Sogndal kommune

	Kommunalsjef		Tenesteleiarar		Avdelingsleiarar		
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	SUM
Administrasjon	2				1		3
Helse og omsorg	1		6	1	19		27
Oppvekst		1	18	6			25
Plan og samfunn	1		1	6	4	4	16
Sum	4	1	25	13	24	4	71

I organisasjonen samla er det overvekt av kvinner. Tenesteleiarar og avdelingsleiarar representerer likt som resten av organisasjonen overvekt av kvinner, og særleg i helse og omsorg og i barnehagar.

Ut ifrå eit likestillingsperspektiv hadde det vore ønskjeleg med fleire mannlege tilsette. I tilsettingsannonsar presiserer me følgjande: «Me ønskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal spegla folkesetnaden elles. Me oppfordrar alle som er kvalifiserte, til å søkja jobb hos oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn

eller minoritetsbakgrunn. Me legg vekt på å leggja til rette arbeidsforholda dersom du har behov for det».

Kommunen har gjennom partnerskapsavtale med NAV forplikta seg til å tilsette personar som av ulike grunnar elles har vanskar med å komme seg inn i den ordinære arbeidsmarknaden. Gjennom 2024 har fleire vore tilsett gjennom denne avtalen. Dette er eit pågåande arbeid som også vil vere med på å ivareta aktivitetsplikta kommunen har etter likestillings- og diskrimineringslova. Vidare har kommunen engasjert seg i prosjektet “Menn i helse”, som skal vere med på å bidra til at me får fleire menn i ein sektor som tradisjonelt har vore prega av å ha tilsett mange kvinner.

Kommunedirektøren har ikkje fått inn saker som omfattar brot på likestillings- og diskrimineringslova i 2024.

2.6 Heiltidskultur

I Sogndal kommune har me merksemd på korleis me skal jobbe med og utvikle ein heiltidskultur. I følge KS er det i mange kommunar ufrivillig deltid som har hatt størst merksemd. Heiltidskultur vert kopla til eit frivilligheitsprinsipp som handlar om å kunne gje tilsette den stillingsstorleiken dei sjølve ønskjer. Dette sjølv om det ikkje nødvendigvis vil medføre at fleire jobbar meir. Mange ønskjer redusert arbeidstid og/eller har motvilje mot å arbeide fleire helgar og ubekvemsvakter.

Heiltidskultur er meir enn uønskt deltid. For å nå mål om likeverdige og gode tenester er det sentralt å sjå heiltidskultur i eit kvalitets- og brukarperspektiv. Ifølge KS har forskning og evalueringar dei seinare åra gjeve kunnskap om positive effektar av å arbeide for ein heiltidskultur, både ut ifrå arbeidsgjevar, arbeidstakar og brukar sin ståstad. Ein av konklusjonane er at verksemdar som satsar på heiltidskultur, har lettare for å trekkje til seg kompetent arbeidskraft, samt å behalde den. Heiltid gjer det lettare å utvikle gode fagmiljø og å tilby tenester av god kvalitet.

Det er eit mål for Sogndal kommune å tilsette flest mogleg i heile stillingar. Tala viser at me har oppnådd noko meir auke i stillingar gjennom 2024 då gjennomsnittleg stillingsstorleik er større enn i 2023. TØRN-prosjektet som helse byrja med i 2023 har hatt stor merksemd på alternative arbeidstidsordningar, der ein også gjennom 2024 har testa andre arbeidstidsordningar. Alternative arbeidstidsordningar vil bidra til å kunne få vekk ein del av den uønskt deltida kommunen har. Fleire plassar i kommunen har ein gjennom slutten av 2024 jobba med å få på plass nye turnusar for 2025, inkl. heilårsturnus og langvakter.

Bemanningssentral skal også bidra til å få fleire tilsette i heile stillingar. Det vart oppretta ein pilot i starten på 2024 som ein ikkje lukkast å rekruttere til, men denne har no vorte utvida til å gjelde heile organisasjonen og me hadde ved utgangen av 2024 starta med å få søkjarar. Ved bruk av bemanningssentral er det m.a. mogleg å fordele ekstravakter på færre og faglærde personar for å oppnå både meir robuste tenester og samstundes ha fleire i heiltidsstillingar.



Foto: Mariann Skau

3 Økonomisk status – 2024

Årsrekneskapen for 2024 (kommunekassen) syner eit negativt netto driftsresultat på 19,3 mill. kr. Resultatet er 44,5 mill. kr betre enn revidert budsjett, og er difor vesentleg betre enn prognosane per andre tertial. Målt opp mot driftsinntektene utgjør dette -1,18 prosent. Dette inneber at ein ligg under det vedteke måtalet som seier at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter bør vere meir enn 1,75 prosent.

Bakgrunnen for at resultatet blei vesentleg betre enn venta er mellom anna høgare generelle driftsinntekter, lågare netto finansutgifter og mindreforbruk på sektorområda. Meirinntektene knytt til generelle driftsinntekter utgjør 14,2 mill. kr som i stor grad er knytt til høgare integreringstilskot. Netto finansutgifter utgjorde eit mindreforbruk på 4,2 mill. kr, noko som primært skuldast høgare gevinst på finansielle omløpsmidlar og høgare renteinntekter.

Sektorområda syner eit samla mindreforbruk på om lag 17,5 mill. kr, utan fondsbruk utgjør mindreforbruket 25,9 mill. kr, samanlikna med revidert budsjett. Det meir nyanserte biletet er at det er eit mindreforbruk på helse og omsorg, plan og teknisk, samfunn, kultur og innovasjon og fellesområde pensjon og lønsavsettingar. Det er eit meirforbruk på oppvekst, samt eit lite meirforbruk på administrasjon og kraft. Resultat på kvart av sektorområda er kommentert nærare i kapittel 6 i årsrapporten.

Investeringar i 2024 utgjorde 78,3 mill. kr. Dette er om lag 87,5 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Det lågare investeringsnivået skuldast i all hovudsak at framdrifta ligg bak det som vart lagt til grunn i revidert budsjett. Dette gjer at langsiktig gjeld inkludert formidlingslån utgjør 84,6 prosent av brutto driftsinntekter, medan langsiktig gjeld eksklusiv formidlingslån utgjør 69,7 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er i tråd med vedteke måltal på 85 prosent.

Som følge av resultatet er disposisjonsfondet redusert frå 164 mill. kr til 152 mill. kr, som er ein reduksjon på 12 mill. kr. Disposisjonsfondet utgjer 9,3 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er under det vedteke måltalet på 10 prosent. Disposisjonsfondet består av fleire fond, inkludert der bruken er merka til særskilte formål av kommunestyret. Av det «frie» disposisjonsfondet er det brukt 42,2 mill. kr. Det var gjort ei netto avsetjing til parkeringsfondet på 6,1 mill. kr, netto auke i integreringsfondet på 24,7 mill. kr.

Det er positivt at kommunen oppnår eit vesentleg betre resultat i 2024 enn budsjettet. Dette er avgjerande for å kunne imøtekome dei utfordringane som kommunen står ovanfor framover. Det er likevel viktig at ein lukkast med innsparingane som er lagt til grunn i årsbudsjett og økonomiplanen. Det betra netto driftsresultatet vil ikkje endre dette. Det er derfor framleis heilt avgjerande med omstilling i drifta, dersom ein skal kunne oppretthalde ein berekraftig økonomi over tid.

Førebelse KOSTRA-tal for 2024 vart publisert 17. mars. Tala viser ei ytterlegare svekking av kommunane sin økonomiske situasjon. Tabell 3 viser førebelse KOSTRA-tal for sentrale økonomiske storleikar i prosent av brutto driftsinntekter.

Tabell 3: Førebelse KOSTRA-tal for sentrale økonomiske i storleikar i prosent av brutto driftsinntekter (konserntal)

	Sogndal kommune	Landet utan Oslo	Kostra-gruppe 8
Netto driftsresultat	-0,7	-0,1	-0,2
Fri egenkapital drift (disp.fond)	9,4	11,2	10,7
Brutto lånegjeld (eks.pensjonsforpliktingar)	84,7	114	118,5

Når det blir gjort samanlikningar med eit gjennomsnitt for alle kommunane i landet (eks. Oslo) og KOSTRA-gruppa til Sogndal kommune, blir det teke utgangspunkt i kommunekonsernet.⁴

⁴ Kommunekonsernet omfattar kommunen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (kommunale oppgåvefelleskap (KO), interkommunale politiske råd (IPR)).

4 Løyvingsoversikt drift – overordna inntekter og utgifter

Løyvingsoversikt 1 er eit sentralt dokument som syner oversikt over dei sentrale inntektene og utgiftene i driftsdelen i 2024. Negative tal i avvikskolonna indikerer eit mindreforbruk (meirinntekt) relativt til revidert budsjett, medan positive tal indikerer eit meirforbruk (mindreinntekt).

I årsrekneskapen for 2024 hadde kommunen 1 140 mill. kr i generelle inntekter, 14,2 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Samstundes vart ramma til sektorane 1 090 mill. kr, 17,5 mill. kr. lågare enn budsjettert. Vidare vart netto finansutgifter 69,5 mill. kr, som er 4,2 mill. kr lågare enn budsjettert. Netto driftsresultat syner då 19,2 mill. kr, som er nesten 44 mill. kr betre enn revidert budsjett. Som følge av at resultatet vart betre enn budsjettert vart også bruk av disposisjonsfond lågare enn budsjettert. Postane i løyvingsoversikta blir omtala nærare vidare i kapitlet.

Tabell 4: Løyvingsoversikt

Løyvingsskjema 1	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Rammetilskot	-487 522 023	-525 191 000	-527 191 000	-524 040 988	- 3 150 012
Inntekts- og formueskatt	-388 159 841	-405 474 000	-405 474 000	-403 030 129	- 2 443 871
Eigedomsskatt	-78 916 274	-86 022 000	-89 022 000	-88 927 078	- 94 922
Andre generelle driftsinntekter	-100 831 391	-79 567 723	-104 440 723	-124 375 834	19 935 111
Sum generelle driftsinntekter	-1 055 429 529	-1 096 254 723	-1 126 127 723	-1 140 374 028	- 14 246 305
Sum frå løyvingsskjema 2 eks fond	986 901 000	1 050 726 253	1 116 091 388	1 090 115 236	- 25 976 152
Avskrivningar	75 538 154	75 538 000	75 538 000	77 421 009	1 883 009
Sum netto driftsutgifter	1 062 439 154	1 126 264 253	1 191 629 388	1 167 536 245	- 24 093 143
Brutto driftsresultat	7 009 624	30 009 530	65 501 665	27 162 217	- 38 339 448
Renteinntekter	-16 816 323	-18 000 000	-14 650 000	-17 215 714	- 2 565 714
Utbyte	-15 489 391	-11 000 000	-12 500 000	-12 654 073	- 154 073
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-7 965 381	-5 000 000	-5 000 000	-6 997 070	- 1 997 070
Renteutgifter	45 906 781	63 200 000	62 200 000	62 622 270	422 270
Avdrag på lån	40 999 690	45 000 000	43 800 000	43 800 000	-
Netto finansutgifter	46 635 376	74 200 000	73 850 000	69 555 413	- 4 294 587
Motpost avskrivningar	-75 538 154	-75 538 000	-75 538 000	-77 421 009	- 1 883 009
Netto driftsresultat	-21 893 154	28 671 530	63 813 665	19 296 621	- 44 517 044
Disponering eller dekking av netto driftsresultat					
Overføring til investering	12 850 232	2 800 000	5 926 365	7 001 245	1 074 880
Avsetjing til bundne driftsfond	11 587 881	3 901 577	5 403 691	9 267 635	3 863 944
Bruk av bundne driftsfond	-17 942 708	-14 700 895	-14 700 895	-23 528 843	- 8 827 948
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-3 477 387	-12 198 405	-12 198 405	-15 792 884	- 3 594 479
Avsetjing til disposisjonsfond	61 637 852	51 244 346	75 244 346	75 244 346	-
Bruk av disposisjonsfond	-46 240 103	-71 916 558	-135 687 172	-87 281 004	48 406 168
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-49 935 478	-49 840 289	-65 860 289	-53 747 207	12 113 082
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	21 893 153	-28 671 530	-63 813 665	-19 296 621	44 517 044
Framført til inndecking i seinare år	-	-	-	-	-

4.1 Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt

Rammetilskotet og skatt på inntekts- og formuesskatt utgjør ein vesentleg del av inntektene til kommunane. Samla utgjorde inntektene til Sogndal kommune på desse områda om lag 927 mill. kr, eller 57 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er 5,6 mill. kr lågare enn revidert budsjett (T2), fordelt på rammetilskot 3,15 mill. kr og skatteinntekter 2,45 mill. kr. Dette etter at kommunen fekk ekstra tildelt rammetilskot på 9,5 mill. kr gjennom nysalderinga til Stortinget av statsbudsjettet 2024, av ei nasjonal tilleggsføring på 4,3 mrd. kr for å dempe utfordringane i kommuneøkonomien. I salderinga vart det òg lagt inn ein kompensasjon for å dekkje kommunane sine utgifter til vaksinasjon mot covid-19, av dette fekk Sogndal kommune 0,45 mill. kr. I rammetilskotet ligg det 2,8 mill. kr i ekstra skjønnsmidlar tildelt frå Statsforvaltaren gjennom året, fordelt på prosjektilskot 0,7 mill. kr, 1,5 mill. kr i kompensasjon for ekstra utgifter etter naturhendingar (ekstremvêr) og 0,6 mill. kr i auka generelt skjønnsstilskot. Prosjektilskot og kompensasjon etter naturhendingar har samanheng med utgifter.

Anslaga på kommunesektorens skatteinnang vart gradvis redusert gjennom 2024. Samanlikna med vedteke nasjonalbudsjett i desember 2023, vart den faktiske skatteinngangen for kommunesektoren 8,3 mrd. kr lågare (som tilsvare kr 1 500 per innbyggjar), som utgjorde 3,2 prosent. Samanlikna med 2023, auka inntektene frå inntekts- og formuesskatt (inkl. naturressursskatt) for alle kommunane nominelt i gjennomsnitt med 1,4 prosent. For Sogndal kommune var auken 3,8 prosent. Lågare skatteinntekter enn lagt til grunn i nasjonalbudsjettet og at Sogndal kommune hadde faktisk høgare auke enn landsgjennomsnittet, fører til at inntektsutjamninga vart redusert frå opphavleg budsjett på 54,4 mill. kr til 38,9 mill. kr.

Tabell 4.1: Oversikt over rammetilskot og skatt

Rammetilskot og skatt	Rekneskap 2023	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Rammetilskot inkl. inntektsutjamning	-487 522 023	-525 191 000	-527 191 000	-524 040 988	3 150 012
Skatt på formue og inntekt	-388 159 841	-405 474 000	-405 474 000	-403 030 129	2 443 871
Sum	-875 681 864	-930 665 000	-932 665 000	-927 071 117	5 593 883

4.2 Eigedomsskatt

Inntekter knytt til eigedomsskatt vart på 88,9 mill. kr i 2024. Dette er om lag 0,1 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Dette avviket er hovudsakeleg inntekter knytt til eigedomsskatt på kraftnett som vart 58 700 kr lågare enn budsjettert og eigedomsskatt fast eigedom vart 53 427 kr lågare enn budsjettert, medan inntekter knytt til eigedomsskatt vasskraftanlegg vart 17 205 kr høgare enn det som vart budsjettert.

Tabell 4.2: Oversikt over eigedomsskatt

Eigedomsskatt	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Eigedomsskatt vasskraftanlegg	-17 852 513	-17 852 513	-18 587 668	-18 604 873	-17 205
Eigedomsskatt næring	0	-13 429 461	0	0	0
Eigedomsskatt kraftnett	-14 496 447	-26 240 373	-42 010 272	-41 951 572	58 700
Eigedomsskatt næringseigedom	-13 944 009	-14 496 447	-14 496 447	-14 496 447	0
Eigedomsskatt fast eigedom	-32 623 305	-14 003 206	-13 927 613	-13 874 186	53 427
Sum	-78 916 274	-86 022 000	-89 022 000	-88 927 078	94 922

4.3 Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter er inntekter som ikkje knyter seg til bestemte formål, jf. budsjett- og regnskapsforskrifta § 5-4 første ledd. Inntekter knytt til andre generelle driftsinntekter i 2024 vart 124,4 mill. kr. Dette er om lag 19,9 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

4.3.1 Investeringsstilskot omsorgsbustader og sjukeheimar

Investeringsstilskotet dreier seg om rentekompensasjon for kommunane sine investeringar i omsorgsbustader og sjukeheim. Formålet for tilskotet er å stimulere kommunane til å fornya og auka tilbodet av plassar i sjukeheim og omsorgsbustader for personar som har behov for døgnkontinuerleg helse- og omsorgstenester. Investeringsstilskotet vart 0,43 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

4.3.2 Rentekompensasjon skular og symjeanlegg

Rentekompensasjonen gjeld kommunen sine investeringar i grunnskule og symjeanlegg. Ordninga har som mål å fremje investeringar i arenaer, utstyr og inventar som bidreg til meir praktisk variert opplæring på 5. – 10. trinn i skulen, samt bidra til symjeopplæring i regi av skulen. Den endeleg kompensasjon vart 0,29 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

4.3.3 Rentekompensasjon kyrkjer og kyrkjeinventar

Rentekompensasjonen handlar om kommunen sine investeringar til sikring og bevaring av kyrkjene, samt utsmykking og inventar til kyrkjene. Kompensasjonen vart 0,17 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

4.3.4 Statstilskot flyktningar

Statstilskot flyktningar eller integreringstilskot mottek kommunar for å busetje flyktningar. Tilskotet vert tildelt over ein 5-års periode for personar med opphaldsløyve som gir rett til fornying eller permanent opphald, inkludert dei som har fått vern med flyktningstatus, humanitær opphaldsløyve, kollektivt vern eller er overføringsflyktningar. Målet med integreringstilskotet er å bidra til rask og treffsikker busetting, og at flyktningane etter kvart skal delta i arbeidslivet og forsørge seg sjølv.

Sogndal kommune fekk oppmoding frå IMDI om å busette 160 flyktningar i 2024. Kommunestyret gjorde vedtak i tråd med denne oppmodinga. Det vart gjort ei vurdering i første tertial at eit busetjingstal på 120 flyktningar var meir realistisk. Det endelege busetjingstalet vart 110 flyktningar i 2024.

Det vart i utgangspunktet budsjettert med inntekter på 50 mill. kr i integreringstilskot i opphavelag budsjett. I revidert budsjett vart det lagt til grunn 74 mill. kr i integreringstilskot. Endeleg tilskot vart vesentleg høgare og landa på 90,6 mill. kr, omlag 16,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Årsaka til dette er at samansetninga av flyktningar har ført til høgare inntekter enn forventa i revidert budsjett.

4.3.5 Vertskommunetilskot HVPU

Vertskommunetilskot HVPU (Helsevernet for psykisk utviklingshemma) er eit tilskot som kommunen får for institusjonsbebuarar som vart buande institusjonskommunen etter iverksetting av HVPU-reforma. Endeleg tilskot vart 18,9 mill. kr, om lag 2,3 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

4.3.6 Konesjonsavgift

Konesjonsavgifta er ein kompensasjon til kommunar for skadar og ulemper som følgje av vasskraftutbygging. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastsett avgifta kvart femte år. Konesjonsavgifta utgjorde 2,6 mill. kr.

4.3.7 Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftføretak som er heimla i skattelova § 18-2. Skatten bereknast på grunnlag av gjennomsnittleg kraftproduksjon dei siste sju åra. Naturressursskatten utgjorde 6,8 mill. kr, om lag 0,15 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

Tabell 4.3: Oversikt over andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Investeringstilskot omsorgsbustader og sjukeheimar	-3 823 130	-3 749 902	-3 749 902	-4 182 359	-432 457
Rentekompensasjon skular og symjeanlegg	-618 976	-521 406	-521 406	-816 323	-294 917
Rentekompensasjon kyrkjer og kyrkjeinventar	-316 105	-293 915	-293 915	-468 329	-174 414
Statstilskot flyktningar	-67 800 125	-50 000 000	-74 000 000	-90 603 293	-16 603 293
Vertskommunetilskot HVPU	-19 081 920	-16 681 500	-16 681 500	-18 958 074	-2 276 574
Konesjonsavgift	-2 569 819	-2 492 000	-2 570 000	-2 569 820	180
Naturressursskatt	-6 621 316	-5 829 000	-6 624 000	-6 777 600	-153 600
Sum	-100 831 391	-79 567 723	-104 440 723	-124 375 798	-19 935 075

4.4 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter består av kommunen sine finansinntekter og finansutgifter. Dette omfattar renter, utbytte og avdrag på lån. Netto finansutgifter i 2024 vart 69,5 mill. kr. Dette er om lag 4,2 mill. kr lågare enn budsjettert.

4.4.1 Renteinntekter

Norges Bank har halde styringsrenta stabilt på 4,5 prosent gjennom største delen av 2024. Dette nivået var oppretthalde for å sikre lav og stabil prisvekst. Renteutviklinga har vore prega av eit høgare rentenivå samanlikna med tidlegare år, noko som har bidrege til auka renteinntekter og renteutgifter.

Samla vart renteinntektene 17,3 mill. kr, 2,5 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette skuldast høgare rentenivå, betre likviditet og høgare unytta lånemidlar enn lagt til grunn i revidert budsjett. Avviket er fordelt mellom meirinntekter på bankinnskott på 4,7 mill. kr, medan renter frå utlån er 1,8 mill. kr lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett. Renter på bundne fond som skal avsetjast er 0,3 mill. kr lågare enn budsjett. Budsjettavviket på renter frå utlån må sjåast i samanheng med underforbruk på renteutgiftssida.

Renteinntektene for 2024 omfattar også avsaknsrenter på 5,9 mill. kr frå overskjønn, som er trekt frå dei totale renteinntektene.

4.4.2 Utbyte og eigaruttak

Utbyte og eigarutbyte for 2024 vart 12,6 mill. kr, om lag 0,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Inntektene frå utbyte og eigarutak er i all hovudsak knytt til utbyte frå Sognekraft AS på 6,9 mill. kr og Sogn og Fjordane Holding AS på 5,5 mill. kr, samt kundeutbyte frå Gjensidigestiftelsen på kr 0,19 mill. kr og utbyte frå Firda Billag AS på 69 947 kr.

4.4.3 Avkastning og tap på finansielle omløpsmiddel

Avkastning på finansielle omløpsmiddel vart 7,0 mill. kr. Dette er 2,0 mill. kr betre enn revidert budsjett. Det har vore vesentlege svingingar i porteføljeverdien, og det har derfor ikkje vore gjort noko justeringar i budsjettet i forhold til dette. Dette er nærmare omtalt i finans- og gjeldsrapporten.

4.4.4 Renteutgifter

Renteutgifter for 2024 var 62,6 mill. kr, om lag 0,4 mill. kr over budsjett. Årsaka er hovudsakleg renter på investeringslån. Renteutgifter på investeringslån er 0,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett, medan renteutgifter på startlån er 0,5 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Dette avviket på startlån kan sjåast i samanheng med at renteinntektene på startlån som er lågare enn budsjett. Renteutgifter knytt til anna er 0,3 mill. kr, og skuldast i all hovudsak overføring renteutgifter knytt til disposisjonsfond i Sogn KO.

4.4.5 Avdrag på lån

Avdrag skal betalast i samsvar med kommunelova § 14-18. Det skal minimum betalast årleg avdrag på lånegjeld som er lånt opp etter § 14-15 og § 14-16. Minimumsavdraget vert berekna ut frå den totale lånegjelda og avskrivningar. Berekna minimumsavdag for 2024 er 43,8 mill. kr. Avdraget er gjort i tråd med budsjettet og er 43,8 mill. kr.

Tabell 4.4: Oversikt over netto finansutgifter

Netto finansutgifter	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Renteinntekter startlån	-5 244 839	-13 000 000	-11 100 000	-7 753 049	3 346 951
Renteinntekter andre utlån	-1 601 963	0	0	-1 499 159	-1 499 159
Renteinntekter, bankinnskott	-8 382 350	-4 300 000	-1 750 000	-6 437 911	-4 687 911
Renteinntekter av fond som skal avsetjast	-1 554 859	-700 000	-1 800 000	-1 488 387	311 613
Renteinntekter annet og morarenter	-32 313	0	0	-37 208	-37 208
Sogn og Fjordane Holding AS	0	-5 500 000	-5 500 000	-5 495 752	4 248
Aksjeutbyte Sognekraft	-15 321 600	-5 500 000	-7 000 000	-6 901 456	98 544
Firda Billag AS	0	0	0	-69 947	-69 947
Kundeutbytte Gjensidigestiftelsen	-164 791	0	0	-186 918	-186 918
Fresvik Produkt AS	-3 000	0	0	0	0
Avkastning på finansielle omløpsmiddel	-7 965 381	-5 000 000	-5 000 000	-6 997 070	-1 997 070
Renteutgifter startlån	6 461 779	13 000 000	11 100 000	10 625 664	-474 336
Renteutgifter andre lån	39 445 002	50 200 000	51 100 000	51 719 291	619 291
Renteutgifter, annet	0	0	0	277 314	277 314
Avdrag på lån	40 999 690	45 000 000	43 800 000	43 800 000	0
Sum	46 635 375	74 200 000	73 850 000	69 555 413	-4 294 587

4.5 Disponering eller dekking av netto driftsresultat

Tabellen nedanfor syner avviket mellom budsjettert bruk av og avsetting til fond i 2024. Avviket er på til saman 44,5 mill. kr. Avviket er primært forklart med redusert bruk av disposisjonsfond på 48,4 mill. kr. I tillegg er det er ein høgare netto bruk av bundne fond på sektor enn det som var budsjettert, som igjen gjev ein høgare samla netto avsetjing enn budsjettert.

Samla vert disposisjonsfondet redusert med 12 mill. kr, medan bundne fond vert redusert med om lag 14,3 mill. kr. Under er punkta overføring til investering, bruk og avsetting til bundne fond og disposisjonsfond omtala.

Tabell 4.5: Oversikt over disponering eller dekking av netto driftsresultat

Disponering eller dekking av netto driftsresultat	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Overføring til investering	12 850 232	2 800 000	5 926 365	7 001 245	1 074 880
Avsetjing til bundne driftsfond	11 587 881	3 901 577	5 403 691	9 267 635	3 863 944
Bruk av bundne driftsfond	-17 942 708	-14 700 895	-14 700 895	-23 528 843	- 8 827 948
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-3 477 387	-12 198 405	-12 198 405	-15 792 884	- 3 594 479
Avsetjing til disposisjonsfond	61 637 852	51 244 346	75 244 346	75 244 346	-
Bruk av disposisjonsfond	-46 240 103	-71 916 558	-135 687 172	-87 281 004	48 406 168
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-49 935 478	-49 840 289	-65 860 289	-53 747 207	12 113 082
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	21 893 153	-28 671 530	-63 813 665	-19 296 621	44 517 044
Framført til inndecking i seinare år	-	-	-	-	-

4.6 Overføring til investering

Overføring til investering viser midlar frå driftsbudsjettet som vert brukt til å finansiere investeringar. Overføring til investering i 2024 vart 7 mill. kr. Dette er om lag 1,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

Dette dreiar seg om den årlege overføringa på 2,8 mill. kr frå drift til investering som skal finansiere eigenkapitalinnskotet til KLP. Innskotet må finansierast med eigne midlar, då det i kommunelova ikkje er høve til å lånefinansiere dette. I tillegg gjeld dette også investeringar på 0,52 mill. kr knytt til nyskapande aktivitetsanlegg kulturhuset, turveg Røvhagane og Gapahuk Storanaset og investeringar i reinhaldsutstyr og utstyr på 0,56 mill. kr. Dessutan gjeld dette også ei investering på om lag 2 mill. kr knytt til minnesmerket for Arve Beheim Karslen. Dette vart dekkja med midlar frå parkeringsfondet i samsvar med vedtak i kommunestyret sak 84/2023.

Det vart i 2024 oppretta to selskap, Sogn KO og Sogn friluftsråd. Som følgje av dette har kommunen eigarandelar i desse selskapa. Eigarandelen i Sogn KO er om lag 1 mill. kr, medan eigarandelen i Sogn friluftsråd er om lag 0,1 mill. kr. Desse er finansiert med overføring frå drift. Dette er årsaka til avviket mellom revidert budsjett og rekneskap.

Tabell 4.6: Oversikt over overføring til investering

Overføring til investering	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik
Overføring til investering	12 850 232	2 800 000	5 926 365	7 001 245	1 074 880
Sum	12 850 232	2 800 000	5 926 365	7 001 245	1 074 880

4.7 Bundne fond

Avsetjing knytt til bundne fond vart 9,3 mill. kr, om lag 3,9 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Den budsjetterte avsettinga gjeld avsetjing til renter på fond og

konsesjonsavgiftsfondet. Avviket dreiar seg meir spesifikt om periodisering av øyremerka tilskot på sektorområda.

Bruk av bundne fond vart 23,5 mill. kr, om lag 8,8 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette avviket er i all hovudsak knytt til at bruk av bundne fond på sjølvkostområda er høgare enn budsjettert, samt at bruk av fond knytt til øyremerka tilskot på sektorområda er høgare enn budsjettert. Netto bruk av bundne fond er 14,3 mill. kroner.

På tenestoområde (løyvingsskjema 2) vart det budsjettert med netto bruk av bundne fond på 12,2 mill. kr. Rekneskapen syner netto bruk på 15,8 mill.kr. Dette er 3,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette dreiar seg primært om periodisering av øyremerka tilskot på sektorområda.

Tabell 4.7: Utvikling av bundne fond frå 2023 til 2024

Bundne fond	Rekneskap 2023	Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Bundne fond per 01.01	70 020 598	70 020 598	70 020 598	70 020 598
Avsetjing til bunde driftsfond		3 901 577	5 403 691	9 267 635
Bruk av bundne driftsfond		-14 700 895	-14 700 895	-23 528 843
Bundne fond per 31.12	70 020 598	59 221 280	60 723 394	55 759 390

4.8 Disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond vart samla sett 87,3 mill. kr, 48,4 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Det vart lagt til grunn bruk av disposisjonsfond for å saldere årets budsjett. I revidert budsjett vart bruk av disposisjonsfondet auka som følge av ei forverra prognose. Netto bruk av disposisjon i revidert budsjettet utgjorde 60,4 mill. kr. Grunna betre resultat enn revidert budsjettet vart netto bruk av disposisjonsfond 12 mill. kr.

I samband med årsoppgjeret er parkeringsfondet styrka med 6,1 mill. kr, tilsvarande overskotet på drift av parkering i 2024. Flyktningfondet er styrka med 24,7 mill. kr tilsvarande meirinntekter på grunn av høg busetting i 2024. Det er også gjort ei avsetjing til kraftfond II på 1,7 mill. Dette gjeld tilbakebetaling av lån knytt til Kaupanger idrettslag som er finansiert med kraftfond II. Vidare er det brukt 2,3 mill. kr av fondet tilskot til einslege mindreårige flyktingar i samsvar med budsjettert bruk. Av det frie disposisjonsfondet er det brukt 42,2 mill. kr.

På tenestoområde vart det budsjettert med netto bruk av disposisjonsfond på 65,9 mill.kr. Rekneskapen syner netto bruk på 53,7 mill.kr. Dette er 12,1 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Bruk av disposisjonsfond på sektor gjeld primært integreringstilskot.

Tabell 4.8: Utvikling av disposisjonsfondet frå 2023 til 2024

Disposisjonsfond	Rekneskap 2023	Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Disposisjonsfond per 01.01	164 920 072	164 920 072	164 920 072	164 920 072
Avsetjing til disposisjonsfond		51 244 346	75 244 346	75 244 346
Bruk av disposisjonsfond		-71 917 558	-135 687 172	-87 281 004
Disposisjonsfond per 31.12	164 920 072	144 246 860	104 477 246	152 883 414

5 Finansielle måltal

Kommunelova § 14-2 stiller krav til kommunen om å vedta finansielle måltal for utvikling, slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid.

Kommunelova set ikkje krav til kva måltal som er aktuelle. Kommunestyret har vedteke måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, måltal for disposisjonsfond av brutto driftsinntekter og måltal for lånegjeld i prosent av bruttodriftsinntekter. Måltala er i tråd med teknisk berekningsutval (TBU) og departementet sine tilrådingar for ein økonomisk berekraftig kommuneøkonomi.

Sogndal kommune vedtok følgjande måltal i kommunestyret 28.10.21, sak 88/21.

- Netto driftsresultat > 1,75%
- Disposisjonsfond > 10%
- Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) < 85%

«Måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet.»

Finansutvalet vedtok i arbeidsdokument 1/23 at resultatet på gjeldsgraden kan overstige måltalet på 85 prosent, men når dei store investeringane i oppvekst er ferdige i løpet av økonomiplanperioden skal ikkje nye låneopptak overstige avdrag på investeringslån. Resultatet på måltala for netto driftsresultat og disposisjonsfond bør være innanfor dei vedtekte måltala på 1,75 prosent og 10 prosent.

Tabell 5: Utvikling i finansielle måltal frå 2020 til 2024

Måltal - relativt til brutto driftsinntekter		Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Netto driftsresultat	>1,75%	2,59 %	3,81 %	-0,11 %	1,43 %	-1,93 %	-4,22 %	-1,18 %
Disposisjonsfond	> 10%	9,7 %	11,5 %	10,5 %	10,8 %	9,7 %	6,9 %	9,3 %
Langsiktig gjeld, inkl. formidlingslån	< 85%	89,5 %	82,5 %	79,7 %	83,2 %	97,4 %	92,4 %	84,6 %
Langsiktig gjeld eks. formidlingslån				68,9 %	69,1 %	79,1 %	75,7 %	69,7 %

5.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i opphavelg budsjett 2024 var negativt på 28,7 mill. kr, medan revidert budsjett syner eit negativt driftsresultat på 63,8 mill. kr. Endeleg årsrekneskapen for 2024 syner eit negativt driftsresultat på 19,3 mill. kr.

Tabell 5.1 viser utviklinga av netto driftsresultat. Netto driftsresultat er eit mål på kva marginar som er i drifta til å handtere uføresette hendingar på kort sikt, finansiære investeringar og avsetje til fond. Netto driftsresultat er det viktigaste nøkkeltalet for å beskrive om kommunen har god økonomistyring.


Slik årsrekneskapen for 2024 ligg føre har kommunen eit negativt netto driftsresultat 19,3 mill. kr og måltalet for netto driftsresultat utgjør -1,18 prosent. Netto driftsresultat ligg under vedtekte måltal på 1,75 prosent.

Netto driftsresultat er vesentleg betre enn førespegla i revidert budsjett, men utviklinga syner likevel at det er behov for vesentlege endringar i drifta framover. Det er derfor naudsynt å lykkast med innsparingane og effektiviseringa som ligg til grunn i budsjett og økonomiplanen framover. Dette for at økonomien skal vere berekraftig over tid.

Tabell 5.1: Utvikling av netto driftsresultat med måltal

Måltal netto driftsresultat 31.12	Rekneskap 2023	Opphavelæg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Netto driftsresultat	21 893 153	-28 671 530	-63 813 665	-19 296 621
Brutto driftsinntekter	1 529 755 385	1 488 991 293	1 511 029 993	1 639 085 524
Netto driftsresultat %	1,43 %	-1,93 %	-4,22 %	-1,18 %
Måltal netto driftsresultat %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %

Figur 5.1: Utvikling av netto driftsresultat med måltal frå 2020 til 2024



5.2 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er oppsparte midlar som kommune kan nytte til finansiering av drift- og investeringsutgifter. For å kunne handtere store og brå endringar i utgifter og inntekter, må kommunen ha eit disposisjonsfond av ein viss størrelse. Måtalet skal utgjere meir enn 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Ved inngangen av 2024 var storleiken på disposisjonsfondet på 164,9 mill. kr, og utgjorde 10,8 prosent av brutto driftsinntekter. På disposisjonsfondet ved utgangen av året står det 152,8 mill. kr. Disposisjonsfond utgjør då 9,3 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er under det vedteke måltal på 10 prosent.

Disposisjonsfondet består av fleire fond, inkludert fond der bruken er merka til særskilte formål av kommunestyret. Den delen av disposisjonsfondet som ikkje er merka med særskilde formål var ved inngangen av året 57 mill. kr. Det vart i andre


tertiar varsle at det frie disposisjonsfondet ville vere brukt opp ved utgangen av 2024, og at det ville vere behov for å bruke av disposisjonsfond som er merka til særskilte formål av kommunestyret. Endelege rekneskapen viser at bruken av det frie disposisjonsfondet var på 42,2 mill. kr i 2024. Det frie disposisjonsfondet utgjør då ved utgangen av året 14,8 mill. kr.

Tabell 5.2 syner utvikling i disposisjonsfondet med måltal basert på driftsinntekter og netto fondsbruk.

Tabell 5.2: Utvikling av disposisjonsfond med måltal

Måltal disposisjonsfond 31.12	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Disposisjonsfond	164 920 072	144 246 860	104 477 246	152 883 413
Brutto driftsinntekter	1 529 755 385	1 488 991 293	1 511 029 993	1 639 085 524
Disposisjonsfond i %	10,8 %	9,7 %	6,9 %	9,3 %
Måltal disposisjonsfond %	10 %	10 %	10 %	10 %

Figur 5.2: Utvikling av disposisjonsfond med måltal frå 2020 til 2024



5.3 Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad

Den langsiktige gjelda, inkludert formidlingslån, utgjør 1 387 mill. kr i 2024. Av dette utgjør investeringslån 1 143 mill. kr, medan formidlingslån utgjør 244 mill. kr. Gjelda knytt til investeringar auka med 86,2 mill. kr, medan gjeld knytt til formidlingslån auka med 28,3 mill. kr. Sum auke 114,5 mill. kr.


Tabellen 5.3 syner utviklinga i lånegjeld med gjeldsgrad frå inngangen av året til utgangen av året. Gjeldsgrad er lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter. Langsiktig gjeld inkludert formidlingslån utgjør 84,6 prosent av brutto driftsinntekter, medan langsiktig gjeld eksklusive formidlingslån utgjør 69,7 prosent av brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden er i tråd med vedteke måltal på 85 prosent.

I årsbudsjett og økonomiplan framover vil gjeldsgraden overstige måttalet. Den finansielle risikoen kommunen kan tole vil då vere avhengig av kommunen sitt driftsnivå og disposisjonsfond. Det er derfor viktig at ein klarer å nå dei innarbeida innsparingane slik at økonomien vil vere berekraftig over tid.

Tabell 5.3: Utvikling av gjeldsgrad med måltal

Måltal gjeldsgrad 31.12	Rekneskap 2023	Opphaveleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024
Brutto driftsinntekter	1 529 755 385	1 488 991 293	1 511 029 993	1 639 085 524
Låneopptak		165 340 000	130 000 000	130 000 000
*Herav. lån til sjølvkost (VA område)	20 393 176	46 700 000	16 134 076	7 030 165
Avdrag		-45 000 000	-43 800 000	-43 800 000
Langsiktig gjeld, eks. formidlingslån	1 057 062 009	1 177 402 009	1 143 262 009	1 143 262 009
Gjeldsgrad, ekskl. formidlingslån	69,1 %	79,1 %	75,7 %	69,7 %
Lån vidareutlån		60 000 000	40 000 000	31 258 454
Avdrag vidareutlån		-2 000 000	-2 000 000	-1 738 084
Gjeld formidlingslån 31.12	215 341 640	273 341 640	253 341 640	243 603 556
Langsiktig gjeld, inkl. formidlingslån	1 272 403 649	1 450 743 649	1 396 603 649	1 386 856 565
Gjeldsgrad, inkl. formidlingslån	83,2 %	97,4 %	92,4 %	84,6 %
Måltal brutto lånegjeld %	85 %	85 %	85 %	85 %

Figur 5.3: Utvikling av gjeldsgrad frå 2020 til 2024



6 Løyvingsoversikt drift del 2 - Status for sektorområda

Løyvingsoversikt 2 er ei oversikt som viser drift per sektor.

Ein sektor er sett saman av fleire tenesteområde. Sogndal kommune har desse inndelingane av sektorområda; «Administrasjon», «Oppvekst», «Helse og omsorg», «plan og teknisk» og «samfunnsutvikling, kultur og innovasjon». I tillegg til område for kraft og fellesområde for pensjon og lønnsavsettingar.

Tabell 6 syner at samla rekneskap for sektorområda er 1 021 mill. kr i 2024. Dette er om lag 17,5 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Vesentlege budsjettavvik på tenesteområda er kommentert sektorvis etter tabellen.

Tabell 6: Løyvingsoversikt drift del 2 – sektorrammer

Løyvingsskjema 2 Beløp i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Administrasjon	44 019 543	43 295 244	49 836 561	50 372 595	536 034
Oppvekst	353 785 516	357 705 285	374 768 189	385 728 116	10 959 927
Helse og omsorg	401 352 118	404 021 360	453 000 686	445 638 031	-7 362 655
Plan og forvaltning	98 871 597	99 023 590	100 869 293	88 534 098	-12 335 195
Samfunn, kultur og innovasjon	66 391 810	74 642 080	77 973 810	73 053 123	-4 920 687
Kraft	-33 894 659	-24 000 000	-23 200 000	-22 898 009	301 991
Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar	2 962 210	2 962 210	4 784 155	147 191	-4 636 964
Budsjettramme tenesteområda	933 488 135	988 687 559	1 038 032 694	1 020 575 145	-17 457 549
Overført til løyvingsskjema 1	Rekneskap 2023	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Budsjettramme eks. avsetjing og bruk av fond	933 488 135	988 687 559	103 832 694	1 020 575 145	916 742 451
Overføring til investering	3 500 232	0	1 080 000	2 154 880	1 074 880
Avsetjing til disposisjonsfond	3 490 338	1 244 346	1 244 346	12 353 253	11 108 907
Bruk av disposisjonsfond	-56 926 048	-51 084 635	-68 184 635	-68 255 340	-70 705
Avsetjing til bundne fond	7 253 931	709 577	709 577	7 481 814	6 772 237
Bruk av bundne fond	-10 731 318	-12 907 982	-12 907 982	-23 274 699	-10 366 717
Budsjettramme tenesteområda	986 901 000	1 050 726 253	1 116 091 388	1 090 115 236	-25 976 152

6.1 Administrasjon

6.1.1 Kort om sektorområdet

Administrasjon omfattar kommunedirektørområdet og støttetenester. Lærlingane er òg plassert her. Støttefunksjonane omfattar HR, arkiv, økonomi, politisk sekretariat, samt diverse fellestenester som m.a. juridisk støtte og personvern.

Administrasjonen hadde eit samla meirforbruk på 0,5 mill. kr i 2024. Meirforbruket gjeld fellesansvar HR og støttetenester og vert kommentert under.

Tabell 6.1.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde administrasjon

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Administrasjon	43 295 244	49 836 561	50 372 595	536 034	1 %
100	Kommunedirektør	3 725 865	3 800 398	2 988 918	-811 480	-21 %
130	Fellesansvar HR og støttetenester	27 932 143	33 817 365	35 144 060	1 326 694	4 %
160	Økonomi	11 637 236	12 218 797	12 239 617	20 820	2 %

6.1.2 Overordna mål og områdesatsingar i 2024

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester.

Administrasjonen yter tenester som er viktige for alle delar av organisasjonen. For å sikre drift, utvikling og styring er det vesentleg å samle dei funksjonane som kan bidra til å styrke samordning og heilskaplege løysingar. Dei tilsette må ha ein samla kompetanse som gjer det mogleg å gje fagleg støtte til sektorane. Sektoren er òg sentral i å legge til rette for god politisk styring. Administrasjonen skal legge til rette slik at heile organisasjonen kan utøve oppgåvene sine på ein effektiv måte, gjennom å utvikle og drifte fellesoppgåver og samhandlingsløysingar og legge til rette for utviklings- og innovasjonsarbeid.

Gjennom 2024 har administrasjonen jobba mykje med å sjå på korleis me kan løyse administrative støttetenester på ein betre og meir hensiktsmessig måte for resten av organisasjonen. Kommunen må jobbe aktivt på alle felt og korleis me løyser oppgåvene våre betre for å rusta oss for utfordringane i åra framover. Om me skal klara å oppretthalda eit godt og forsvarleg tilbod må me tenka annleis. Dette må me gjera samstundes som me tilbyr dei tilsette ein god, trygg og spanande arbeidsplass. Administrasjonen er viktige bidragsytarar for at sektorane skal nå sine overordna mål og satsingar og fleire av dei som er lista under er administrasjonen ein del av arbeidet i.

4.1.3 Kommunedirektør

Kommunedirektøransvaret hadde eit mindreforbruk i 2024.

Tabell 6.1.3: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestekområdet kommunedirektør

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kommunedirektør	3 725 865	3 800 398	2 988 918	-811 480	-21 %
100	Kommunedirektør	3 725 865	3 800 398	2 988 918	-811 480	-21 %

6.1.4 Fellesansvar HR og støttetjenester

Samla har HR og støttetjenester eit meirforbruk på 1,3 mill. kr. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til arkiv og politisk verksemd. I tillegg er det meirforbruk knytt til auke i tal lærlingar

Administrasjonen skal vere støttespelar for gode tenester kvar dag og rigge organisasjonen for framtida. Administrasjonen skal gjere organisasjonen best mogleg gjennom å legge til rette for gode avgjersler ute i tenestene slik at me kan tilby gode kvardagar til innbyggjarane våre og ha merksemda framover. Eininga skal i stor grad bidra til at me skal tilpasse oss dei krav og jobbe godt mot dei utfordringar som treff organisasjonen i framtida. I dette ligg det å bidra til ein god rigg for å stå i krevjande omstillingsarbeid og gi dei støttetjenester som organisasjonen til ei kvar tid har behov for. Dette medfører eit stort behov for å gjere eit stort arbeid knytt til omstilling og endring av korleis me leverer og organiserer arbeidet vårt, for at kommunen skal vere rigga til å møte framtida sitt behov for tenester. Administrasjonen vil vere sterk bidragsytar i arbeidet med omstillingsprosjektet SK2027.

Tabell 6.1.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestområdet fellesansvar HR og støttetjenester

		Opphaveleg Budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar HR og støttetjenester	27 932 143	33 817 365	35 144 060	1 326 694	4 %
101	Lærlingar	4 389 872	4 579 006	5 730 961	1 151 955	25 %
130	Fellesansvar HR og støttetjenester	215 417	2 266 746	1 366 356	-900 390	-40 %
132	Arkiv	4 765 825	4 974 605	5 486 836	512 231	10 %
135	Personal og lønn	11 512 183	12 817 408	12 555 672	-261 736	-2 %
136	Bemanningssentral	0	1 411 861	1 411 663	-197	0 %
150	Politisk verksemd	7 048 847	7 767 739	8 592 570	824 831	11 %
159	Sogn regionråd	-1	-1	0	1	-100 %

Fellesansvar HR og støttetjenester

Fellesansvar stab har eit mindreforbruk på 0,9 mill. kr i 2024. Alle utgifter knytt til tillitsvald- og verneombodsordninga og felles lisenskostnader er lagt på dette ansvaret.

Arkiv

Arkiv har eit meirforbruk på 0,5 mill. kr i 2024. Meirforbruket for arkiv skuldast at ein ikkje har realisert innsparing knytt til pensjonsavgang som førespegla.

Eininga har ikkje fått tilpassa drift og organisering på best mogleg måte knytt til resten av organisasjonen eller fått effektivisert drifta tilstrekkeleg. Arkivet utfører arkivtenester for Sogn regionråd, Miljøretta helsevern, Sogn PPT, Sogn barnevern og Sogn brann og redning. Det er behov for å sjå på ei meir samordna og organisert drift av arkiv og dokumentsenter for organisasjonen.

Personal og lønn

Personal og lønn har gjennom året fasilitert og følgd opp revidering av reglement og retningslinjer, bidrege til risikovurderingar, AMU, HMT, kvalitets- og avvikssystem, leiarutviklingsprogram og lønnsforhandlingar.

Politisk verksemd

Politisk verksemd har eit meirforbruket på 0,8 mill. kr i 2024. Meirforbruket skuldast hovudsakleg kjøp av tenester. Dette gjeld kjøp av juridisk bistand til handtering av «varsel» mot kommunedirektøren, noko som det ikkje var budsjettert for.

Sekretariat for politisk verksemd er ei gruppe på 5 tilsette. Dei ulike politiske organa er fordelt mellom dei tilsette, slik at alle har faste utval eller råd ein har ansvar for. Sekretariatsgruppa jobbar med å få felles rutinar og oppgåver, slik at ting blir gjort rett og på lik måte.

6.1.5 Økonomi

Digitaliserings- og internkontrollarbeidet held fram og det har i 2024 vore ein innsats på fleire område m.a. fakturahandsaming, fleksibel fakturering og eBudsjett.

Tabell 6.1.5: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet økonomi.

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Økonomi	11 637 236	12 218 797	12 239 617	20 820	2 %
160	Økonomi	11 637 236	12 218 797	12 239 617	20 820	2 %

6.2 Oppvekst

6.2.1 Kort om sektoren

Oppvekst omfattar 12 kommunale barnehagar, 4 private barnehagar, 9 grunnskular, Sogndal opplæringscenter, Kringsjå leirskule, helsestasjon og skulehelsetenesta, Sogn barnevern og Sogn PPT. Samla sett er det om lag 2 700 barn og unge i Sogndal kommune som er i alderen 0–18 år.

Oppvekstsektoren har eit mangfald av tilsette med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse. Tverrfagleg samarbeid er nøkkelen for å gje heilskaplege tenester til born, unge og deira føresette. Førebyggjande innsats og arbeid med tillitsreforma har vore prioritert i sektoren. I tillegg har det vore jobba med å rekruttere og behalde tilsette. Dette har hatt høg prioritet, men ved utgangen av 2024 er det framleis vakante stillingar. Resultata i barnehagane og skulane held seg på eit stabilt godt nivå som viser at vi har tilsette med høg kompetanse som yter stor arbeidsinnsats for å gje gode tenester til barn og unge.



Foto: Mariann skau

I 2024 var det eit netto meirforbruk på oppvekst på 10,9 mill. kr som er gjort greie for i omtale av tenestekområda.

Tabell 6.2.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde oppvekst.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Oppvekst	357 705 285	374 768 189	385 728 116	10 959 926	3 %
200	Felles oppvekst	5 947 625	6 461 756	6 929 806	468 050	7 %
210	PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå leirskule	34 947 565	35 101 574	31 685 550	-3 416 024	-10 %
250	Barnehage	134 478 657	138 763 922	142 580 284	3 816 362	3 %
300	Skule	182 331 438	194 440 937	204 532 476	10 091 539	5 %

6.2.2 Overordna mål og områdesatsingar i 2024

Me har eit mangfald av barn og unge med ulike føresetnader, behov, interesser, mål og draumar. Tilsette skal møte alle barn og unge med tillit og respekt, og gje dei tryggleik, kunnskap, dugleik og haldningar, slik at dei meistarar liva sine og kan delta i fellesskapet jf. formålsparagrafen til opplæringslova.

Sogndal kommune har i 2024 halde fram arbeidet med å førebygge åtferdsvanskar og omsorgssvikt. I desember 2023 vedtok kommunestyret temaplanen *Saman samtidig for barn og unge* i Sogndal kommune for perioden 2024-2026. Overskrifta er i seg sjølv eit mål, og peikar i retning av Sogndal kommune sin visjon livskvalitet og utviklingskraft i Sogn og mot samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.

Tabell 6.2.2: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde oppvekst i 2024

Omtale av satsingar	Aktivitet i 2024
Ta del i regionsamarbeidet System for styrka læring. Samarbeide i nettverk i kommunen og i regionen om implementeringa av fagfornyinga – nye læreplanar i skulen og tilpassa opplæring, tverrfagleg samarbeid på barnehage.	Det har vore arrangert fellessamlingar for tilsette i skule og barnehage med deltaking frå tilsette i Sogndal kommune.
Sogndal kommune har oppretta velkomstklasse for nye innbyggjarar som kjem til Sogndal som flyktningar.	Føremålet med velkomstklassen er at elevane skal ha best mogleg tilhøve for kvalitativ god opplæring, etablere gode og varige venskap, bli kjent i kommunen, og bli godt integrert i Sogndalssamfunnet, slik at dei har dei beste føresetnadane i liva sine og ei ressurs for framtida.
Nytte moglegheitene som ligg i samlokaliseringa av oppveksttenester i Dalavegen 2 til ein modell rundt «Familiens hus», med samhandling rundt tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.	Ny overordna organisering av oppvekstsektoren er sett i verk med strukturar for auka samhandling mellom dei fem tenesteområda og strukturar for samhandling. Det er framleis eit stykke arbeid att. Arbeidet med barnevernsreforma/ oppvekstreforma er godt i gang.
Vurdere korleis tilbodet for psykisk helse for barn og unge bør organiserast.	Prosjektet "Livsmestring og robuste barn" har levert rapporten etter kartlegging og er no i ein fase der det skal prøvast ut tiltak i barnehage og skular.
Utvikle og etablere psykisk helseteam for barn og unge	Det er etablert arbeidsgrupper knytt til dei to tiltaka i Sogndal kommune.
	Våren 2024 fekk Sogndal kommune v/helsestasjon tildelt prosjektmidlar frå Helsedir./Statsforvaltaren for å utvikle og etablere eit psykisk helseteam for barn og unge. I september fekk ein tilsett prosjektleiar, som saman med kommunepsykolog etablerte eit team

	for å jobbe med utviklinga lågterskeltilbodet. Arbeid med utvikling og etablering av tilbodet held fram i 2025, samt tilsetjing av ressursar til teamet.
Nytte nasjonale tilskotsordningar til å supplere eige tenestetilbod gjennom prosjektmidlar, døme kan vere: • Vidareutdanning av barnehagelærarar og lærarar (udir) • Desentralisert og regional kompetanseutvikling og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis • Ulike Bufdir-prosjekt • Tilskot frå statsforvaltar	Tenestene søker ulike regionale og nasjonale tilskotsordningar for å styrka eige tenestetilbod. Mange av ordningane krev kommunal medfinansiering og eigne rapporteringsrutinar. Utfordringa er at nasjonale støtteordningar ikkje alltid bygger opp under dei lokale måla og det kan vere særskild ressurskrevjande å følgje opp tilskot. Sogndal kommune søkte og fekk midlar frå Bufdir og Statsforvaltar på desse områda - Inkludering av born og unge 2022-2024 - Koordinering av lokalt arbeid 2024-2026 - Kommunalt rusarbeid 2024 – utekontaktordninga
Sogndal kommune skal vere ein aktiv bidragsytar i regionalt samarbeid til beste for barn og unge, bidra til å heve kompetansen til leiarar og tilsette, og vere pådrivarar for utvikling av tenestene våre i regionen.	Sektoren deltek i det regionale samarbeid knytt til "System for styrka læring" på ulike nivå mellom anna arrangement av fagnettverk for skular og barnehagar.
Samarbeid med HVL på dei fagområda som oppvekstsektoren representerer, særleg gjennom • å ta imot studentar i praksis • avtale om at Kvåle skule er lærarutdanningsskule • avtale om lærarutdanningsbarnehage Fosshagen utdanningsbarnehage • nært samarbeid med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL) ved HVL for auka merksemd på fysisk aktiv læring. • Signert avtale om samarbeid om ei ny heiltids barnehagelærarutdanning (Sogna -Blu)	Sektoren har eit tett og godt samarbeid med HVL på dei ulike områda. Dette både for å ta i vare vertskommunerolla, barnehage- og skuleutviklinga og eige behov for å rekruttere nye lærarar og barnehagelærarar. Sogndal kommune treng fleire dyktige medarbeidarar framover.
Det er tilsett i stilling som offentlig doktorgradsstipendiat i samarbeid med andre. Stillinga starta opp i august 2022	Sektoren har saman med HVL søkt og fått ekstern finansiering til om lag 75 % stilling av ei Phd-stilling. Oppvekstsektoren restfinansierer 25 % av stillinga.
Samhandlingsmodellen betre tverrfagleg innsats (BTI) i sektoren	BTI-modellen er arbeidsforma for barnehagane og skulane i Sogndal kommune. Gjennom det tverrfaglege arbeidet har ein heva kompetansen til tilsette i arbeidet med å skape trygt og godt

	oppvekstmiljø. BTI og Visma stafettlogg tryggjar samhandlingane mellom tenestene.
Samarbeid med Vestland fylkeskommune, Sogn opplæringskontor om lærlingar	I 2024 var det 12 lærlingar i barnehagar og skular

6.2.3 Fellesansvar oppvekst

Fellesansvar for oppvekst hadde eit meirforbruk på 0,47 mill. kr. i høve budsjett. Dette er ekstraavgifter knytt til lisensar og dataprogram, samt innføringa av desse.

Tabell 6.2.3: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet fellesansvar oppvekst

		Opphavsleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Felles oppvekst	5 947 625	6 461 756	6 929 806	468 050	7 %
200	Fellesansvar oppvekst	5 947 625	6 461 756	6 929 806	468 050	7 %

6.2.4 Barnehage

Barnehagane har samla sett eit forbruk på kr 138,7 mill. kr i 2024, noko som gir eit meirforbruk på kr 3,8 mill. kr i høve revidert budsjett.

Fellesansvar for barnehagar har eit samla mindreforbruk på 0,38 mill. kr. På nokre postar er det likevel meirforbruk som til dømes “styrka tilbod til førskulebarn” med om lag 1,1 mill. kr. Dette er hovudsakleg lovpålagde spesialpedagogiske tilbod og individuell tilretteleggingstilbod frå barnehagelova. Post med refusjon frå andre kommunar er innbetaling høgare enn budsjettet. Dette med bakgrunn i refusjon frå kommunar som har barn med folkeregistrert adresse i andre kommunar, men som går i private barnehagar i Sogndal kommune.

I dei einskilde barnehagane er postar med meirforbruk knytt til:

- lønskostnader i samband med barn som krev tett oppfølging, før det til dømes vert fatta spesialpedagogisk vedtak.
- fleispråklege som startar i barnehage
- mindre brukarbetaling enn budsjettet
- utdanning og vidareutdanning
- kortids sjukefråvær og sjukmeldingar i arbeidsgjevarperioden.

Tabell 6.2.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestområdet barnehage

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Barnehage	134 478 657	138 763 922	142 580 284	3 816 362	3 %
250	Fellesansvar barnehage inkl. spesped	7 595 362	5 759 294	5 378 761	-380 534	-7 %
255	Sagatun barnehage	5 666 014	5 961 557	7 013 412	1 051 855	18 %
256	Fjordtun barnehage	1 594 621	790 405	974 716	184 311	23 %
257	Fjærland barnehage	1 548 194	1 604 975	1 772 760	167 785	10 %
258	Ylvisåker barnehage	5 501 270	5 686 983	6 159 601	472 618	8 %
259	Notsete barnehage	4 411 763	4 611 303	5 000 173	388 869	8 %
260	Kyrkjebakken barnehage	3 707 573	3 881 807	3 473 338	-408 469	-11 %
261	Kjørnes barnehage	14 019 054	14 760 514	14 619 511	-141 003	-1 %
262	Furuli barnehage	12 637 350	13 683 577	14 482 822	799 245	6 %
263	Fosshagen barnehage	15 817 656	16 845 333	17 810 475	965 142	6 %
264	Nybø barnehage	7 936 955	8 444 285	8 266 632	-177 654	-2 %
265	Henjahaugane barnehage	6 202 909	6 484 408	6 910 104	425 696	7 %
266	Kvernhusaugen barnehage	5 166 655	5 587 861	5 973 350	385 490	7 %
280	Sogndal studentbarnehage	8 577 623	9 542 317	9 542 317	0	0 %
281	Stedje barnehage	11 707 866	12 540 247	12 735 247	195 000	2 %
282	Rones barnehage	15 180 685	15 229 874	15 424 874	195 000	1 %
283	Askedalen barnehage	7 207 107	7 349 183	7 042 194	-306 990	-4 %

6.2.5 Skule

Skulane har eit forbruk på 204 mill. kr. i 2024, noko gir eit meirforbruk på om lag 10 mill. kr i høve revidert budsjett.

Fellesansvaret for skulane har eit meirforbruk på 1,7 mill. kr og skuldast i hovudsak kjøp av tenester som skuleskyss og digitale lisensar. Skulane nyttar ein ressursfordelingsmodell til budsjettering per skule. Modellen er retningsgivande knytt til årsverk og til budsjettbeløp.

Hausten 2024 oppretta Sogndal kommune velkomstklasse for nye innbyggjarar som kjem som flyktningar. Dette er eit viktig tiltak i arbeidet med å førebyggje utanforskap. Skulane på Leikanger, Kaupanger og i Sogndal sentrum har elevar i velkomstklassen. Ved oppstart såg vi stor variasjon i elevane sitt norsknivå, og difor vart to grupper utvida til fire for å gi betre tilpassa opplæring. Mange av desse elevane har budd i kommunen i 1–3 år, og dei tek no igjen eit etterslep i norskopplæringa. Det er venta at storleiken på velkomstklassen vil bli redusert i framtida. Intensiv opplæring no kan gi innsparing på sikt.

Opprettinga av velkomstklassen, saman med investeringar i bøker og møblar, har ført til auka kostnader på fleire skular.

Ein stor del av meirforbruket kjem frå auke i talet på tilsette i tilbodet til elevar med behov for tilrettelagt opplæring og helsetenester. På nokre skular er desse utgiftene fordelte mellom fleire tenester, medan skulane i Sogndal sentrum og på Kaupanger

ber denne kostnaden åleine. Her er det overforbruk både i den ordinære skuledrifta og i SFO-drifta.

Fleire av skulane har auke i elev og klassetal. Til dømes er det oppretta mottaksklassar på skulane på Leikanger og ein stor elevauke på Kvåle og Kaupanger i løpet av året. Dette har gjeve meirforbruk på innkjøp av PC, Ipad, digitale tavler og møblar.

Tabell 6.2.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet skule

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Skule	182 331 438	194 440 937	204 532 476	10 091 539	5 %
300	Fellesansvar skule	11 180 470	12 484 949	14 188 181	1 703 232	14 %
310	Sagatun skule og SFO	15 698 037	17 013 885	17 189 058	175 173	1 %
315	Fjordtun skule og SFO	1 557 936	760 241	863 021	102 780	14 %
320	Fjærland skule og SFO	2 779 000	2 875 888	2 905 308	29 421	1 %
325	Norane skule og SFO	5 023 888	5 486 182	5 983 911	497 729	9 %
330	Kaupanger skule og SFO	23 818 854	25 376 833	27 694 640	2 317 806	9 %
335	Trudvang skule og SFO	42 673 006	47 877 291	48 116 862	239 571	1 %
340	Kvåle skule	44 413 413	44 783 528	47 795 691	3 012 163	7 %
345	Leikanger barneskule og SFO	21 320 997	23 351 491	24 012 216	660 725	3 %
350	Leikanger ungdomsskule	13 865 837	14 430 650	15 783 589	1 352 939	9 %

6.2.6 PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå

Tenesteområdet omfattar Sogn PPT, helsestasjon, Sogn barnevern, Sogndal opplæringssenter og Kringsjå leirskule. Rekneskapen syner eit samla mindreforbruk på 3,4 mill. kr. Dei interkommunale samarbeida Sogn PPT, Logopedi og Sogn Barnevern er kommentert i kapittel 7.

Helsestasjonen

Helsestasjonen hadde i 2024 eit mindreforbruk på 0,4 kr. Mindreforbruket sjukefråvær og vakanse. Ved sjukefråvær og vakanse har det vore lyst ut stillingar, men ein har hatt fråvær av kvalifisert personell.

I samband med etablering av asylmottak og auka busetjing av flyktningar i kommunen, har helsestasjon brukt meir ressursar knytt til økonomi og personale som følgje av å kunne gi tilbod om helsetenester som asylsøklarar og flyktningar har rett på.

Kringsjå leirskule

Kringsjå leirskule hadde i 2024 eit meirforbruk på 0,2 mill. kr. Meirforbruket skuldast lågare salsinntekter enn forventet. Leirskulen har hatt drift i 18 veker, i staden for dei 20 vekene som ligg til grunn i budsjettet. Det har ikkje vore mogleg å ta ned utgiftene då lærarane er tilsett i Sogndal kommune, og kan derfor ikkje reduserast i løn på bakgrunn av manglande sal av leirskuleopphald.

Sogndal opplæringssenter

Sogn opplæringssenter hadde i 2024 eit mindreforbruk på 2,6 mill. kr. Opplæringssenteret mottok høgare tilskot frå IMDi på grunn av at mange av

flyktningane som vart busett i 2024 fekk rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Ved innføringa av integreringslova vart aldersgrensa for rett til opplæring auka frå 55 til 67 år noko som og forklarar auken i talet deltakarar i opplæring. Opplæringssenteret har også fått tilskot for innvandrarar i asylmottak med plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Tabell 6.2.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestområdet PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå

		Opphavsleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå	34 947 565	35 101 574	31 685 550	-3 416 024	-10 %
210	Sogn PPT	-6	-6	0	6	-100 %
221	Sogn barnevern - tiltak Sogndal	20 371 527	20 381 815	19 927 933	-453 882	-2 %
222	Sogn barnevern - tiltak Luster	0	0	0	0	0 %
229	Sogn barnevern - Lågterskel	1	32 167	-78 189	-110 355	-343 %
230	Helsestasjon	12 092 121	11 710 191	11 332 713	-377 478	-3 %
390	Kringsjå leirskule	-58 589	19 371	201 036	181 665	938 %
399	Sogndal opplæringssenter	2 542 510	2 958 036	302 057	-2 655 979	-90 %

6.3 Helse og omsorg

6.3.1 Kort om sektoren

Sektoren består av sju einingar, som omfattar tre sjukeheimar, tre soner for heimetenester, legeteneste, psykiatri og rus, og fysioterapi, ergoterapi. Fire soner bu og miljøteneste, samt tildelingskontor.

Fem av einingane har døgnkontinuerlege tenester. Fellesområdet helse og omsorg består av kommuneoverlege, miljøretta helsevern, og rådgjevarar. Fellesområdet har ansvar for oppfølging av rusmiddelpolitisk handlingsplan i Sogndal kommune.

Alle dei tre sjukeheimane tilbyr korttidsopphald, avlastningsopphald, rehabiliteringsopphald og langtidsplass. Kommunen sitt tilbod innanfor kommunal akutt døgneining (KAD) er plassert ved Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS).

Sektoren skal gje helse og omsorgstenester til innbyggjarane gjennom tverrfagleg samarbeid, med hovudfokus på førebygging, og tidleg innsats. Innbyggjarane våre skal møte ei samla teneste og «ein» kommune når dei har behov for tenester.

Tabell 6.3.1: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde helse og omsorg

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Helse og omsorg	404 021 360	453 000 686	445 638 031	-7 362 654	-2 %
400	Fellesansvar helse og omsorg	10 516 376	8 993 769	9 998 188	1 004 419	11 %
410	Tildelingskontoret	40 902 387	33 126 454	33 739 687	613 233	2 %
440	Institusjon	163 347 452	193 586 096	192 770 648	-815 448	0 %
450	Heimetenester, kjøken og dagsenter SHOS	40 702 427	54 701 985	55 834 874	1 132 889	2 %
460	Bu- og miljøtenester	78 852 020	89 306 386	80 446 772	-8 859 614	-10 %
470	Lege- og jordmorteneste	32 893 660	35 854 871	37 445 780	1 590 910	4 %
473	Psykisk helse og rus	25 754 729	26 713 989	24 343 706	-2 370 283	-9 %
480	Ergoterapi, fysioterapi og friskliv	11 052 309	10 717 136	11 058 375	341 239	3 %

6.3.2 Overordna satsing mål og områdesatsingar i 2024

Tenestene innanfor helse og omsorg står i ein kvardag der ein skal løyse ei veksande mengd oppgåver med færre folk og mindre budsjettmidlar enn det som har vore tilfelle tidlegare.

Helse og omsorg har i 2024 jobba meir med å forstå kva som er dei eigentlege og underliggende problema. Gjennom mange innsiktsøker, med deltakarar frå tenestene, tillitsvalde, vernetenesta og leiarar, har ein etter kvar fått ei inngåande og god forståing.

Metoden med å bruke designsprint har også skapt løysingar på dei enklaste problema undervegs i 2024, og forbetra tenestene gjennom små og nyttige steg. Og dei små stega har vore sentrale i måten å arbeide på: Me tek eitt steg om gangen, så lenge det me prøver er godt nok for no, trygt nok til å prøve og mogeleg å endre på dersom det ikkje syner seg å fungere som tenkt.

Sommaren 2024 var eit vegskilje for arbeid med å løyse helse- og omsorgsdelen av samfunnsoppdraget. Erkjenninga var tydeleg: Dei store bakanforliggende problema, krev ei anna tilnærming enn den me har vore van med. Det vart etablert eit «framtidsteam», ei gruppe med folk med god forståing for tenesta, no-situasjonen og utfordringane, og som utfyller kvarandre med eigenskapar og kompetanse. Dette framtidsteamet har hatt som oppdrag å bidra til å løyse dei store flokane, og bidra frå å ta initiativ, mobilisere dei tilsette og innbyggjarane, og vere ambassadørar for endringsarbeidet.

Rett nivå på tenestene

Saksbehandling og tildeling av helse- og omsorgstenester er viktig både for den enkelte innbyggjar, men òg for kommunen. Sogndal kommune skal ha ei godt utbygd omsorgstrapp med hovudvekt på tidleg innsats. Me skal ha godt kartlagde tenestemottakarar og gode pasientforløp som gir god flyt, kvalitet og overgang i tenestene. Tenestemottakarane skal vera med på å utforma tenestene, og få nytta ressursane sine.

Kompetanse og rekruttering

Rett kompetanse til rett tid er viktig for å kunne gi tenester med god kvalitet. Det må leggjast vekt på å rekruttere dei beste talenta for å sikre høg kvalitet i tenestene. Helse og omsorg må i lag med dei andre sektorane jobba målretta slik at me tiltrekke oss kandidatar med den rette kompetansen og erfaringa.

Kompetansen til kvar enkelt medarbeidar og korleis me klarer å bruka denne, er den viktigaste ressursen i helse- og omsorgssektoren. Me må løysa oppgåvene våre på nye måtar – gjennom innovasjon, teknologi, oppgåvedeling og samarbeid med andre. Kontinuerleg kompetanseutvikling har høg prioritet for å sikre at tilsette har dei nødvendige ferdigheitene for å møte framtida.

Førebygging og tidleg innsats

Helse og omsorg skal i lag med dei andre sektorane arbeide med førebyggjande tiltak for å redusere risikoen for sjukdom og fremje god helse blant innbyggjarane. Gjennom at me arbeider med målretta førebygging kan me redusere behovet for oppfattande behandling og omsorg.

Tidleg innsats er avgjerande for å identifisere og adressere helseutfordringar før dei utviklar seg til større problem. Tidleg innsats gir oss moglegheita til å støtte personar på eit tidleg stadium og fremje sjølvstende og meistring.

Tabell 6.3.2: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde helse og omsorg i 2024

Omtale av satsingar	Aktivitet i 2024
Rett nivå på tenestene	Ved søknad om tenester, blir det gjennomført kartlegging av innbyggjaren sine behov, ressursar og utfordringar. Kartlegging blir utført av sakshandsamar på tildelingskontoret, eventuelt fysio- / ergoterapeut. Kartlegginga gjev eit godt grunnlag for tildeling av tenester, som er tilpassa innbyggjaren sitt behov for hjelp

	I 2024 har me revurdert store mengder eldre vedtak, primært i rus og psykiatri og bu og miljø. Dette er for å sikre at tenestene er tilpassa tenestemottakar sitt behov for oppfølging/ tenester.
Kompetanse og rekruttering	Januar 2024 vart det starta opp «Menn i helse» i Sogndal kommune. Det er ei nasjonal satsing der ein gjer grep for å få fleire menn utdanna som helsefagarbeidarar. Sogndal kommune har garantert for 6 plassar til ordninga. Ein fekk to kvalifiserte deltakarar til fyrste inntak som er i gang med utdanninga. Ein held fram arbeidet med å styrke kompetansen for rettleiing av studentar. Ein har ei fast samling i semesteret for HVL og studentrettleiarar i kommunen. Nytt for 2024 er at ein har utvida tilbodet til å inkludera alle kommunane i Sogn til samlingane.
	Tørnprosjekt gjennom KS har vore pågåande for heile 2024 for 2. og 3. etasje ved SHOS. Prosjektet skulle vore slutført i desember 2024, men har fått forlenging ut juni 2025. Prosjektet har arbeida med ny oppgåvefordeling mellom assistentar, helsefagarbeidarar og sjukepleiar. I november og desember vart det testa ut langvakter på begge avdelingar med positive tilbakemeldingar. Det er i gang utarbeiding av ny årsturnus etter ny bemanningsplan for det neste året. Det er søkt og innvilga kompetansemidlar frå Statsforvaltaren. Ein jobbar både overordna og på einingsnivå for å utvikle kompetanseplanar der ein satsar på å heve kompetansen på alle tilsette frå assistentar til vidareutdanningar og masterutdanningar på høgskulenivå.
	Som eit ledd i kompetanseheving har fleire tilsette i tenestene gjennomført ulike opplæringspakkar som me søker stønad til hjå Statsforvaltaren. Døme på dette er ABC-permar innan demens. Kommunen avslutta også palliasjonsprosjektet som på gjekk frå 2022 til august 2024. I dette prosjektet har kompetansen til dei tilsette auka. Livets siste dagar er implementert i fleire tenester. I tillegg held me fram med å spreie kunnskap og informasjon om plan for lindring og best mogleg livskvalitet . Mange tilsette i ulike tenester har også gjennomført opplæring gjennom den digitale opplæringspakken innan palliasjon.

	Arbeidet med kvalitetssystemet (TQM) held fram som ein kontinuerleg prosess. Dette omfattar ulike modular som dokument, avvik/uønska hendingar og ROS (risiko og sårbarheit). Her er fokuset opplæring til både tilsette i drift og leiarar.
Førebyggjande og tidleg innsats	Sogndal kommune gjennomførte hausten 2024 eit pilotprosjekt saman med Helse Førde: KOLS rehabilitering. Dette såg me på som så vellykka at me vil gjere det til vårt eige i 2025. Kommunen har eit tett samarbeid med USHT (Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester). Både tilsette i drift, fagutviklingspersonell og leiarar deltek på ulike samlingar og nettverk. Det er oppretta eit interkommunalt samarbeid med Sogn Brann og redning der fokuset er førebygging mot utsette grupper. I 2024 starta me med eldre heimebuande. Andre tenester vert også kopla på .
	Folkehelseoversikt for Sogndal kommune er eit statusdokument som skildrar folkehelseindikatorane i kommunen og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på helsa. Dei største utfordringane i kommunen er knytt til sosial ulikheit blant barn og unge og fleire eldre. Folkehelseoversikta vart oppdatert med nye data frå folkehelseprofil, oppvekstprofil og UNG-data undersøking våren 2024. Det er blitt jobba med å gjere folkehelseoversikta kjent og jobba utifrå dei største utfordringane i denne oversikta. I mars svarte ei tverrfagleg gruppe ut dokumenttilsyn frå Statsforvaltaren på folkehelsearbeidet for barn og unge. Etter at rapporten frå det landsomfattande tilsynet kom frå Statens Helsetilsyn gjekk ein gjennom dei punkta Statsforvaltaren meinte alle kommunar skulle sikre var i orden. Det var særleg fokus på overordna folkehelsearbeid, med god struktur og tverrfagleg organisering. Det blei utarbeida ein eigen rapport på status i vår kommune. I mai vart det arbeidd ut eit innspel innan temaet folkehelse til kommunal planstrategi for 2024-2027. Hovudpunkta var utsette born og unge og demografisk utvikling med fleire eldre og sjuke og fokus på at kommunen treng tiltak for å møte utfordringane. Sogndal kommune har eit interkommunalt folkehelseprosjekt saman med Luster kommune; Robuste barn. Dette prosjektet skal bidra til at barn og unge skal bli godt rusta til å takle livet. Det blir

	utvikla eit undervisningsopplegg og foreldresamarbeid for barnehagar og skular. I skulen når ein alle barn og unge uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Sogndal kommune bidrar med innhald i dette folkehelseprosjektet.
Aldersvennlege samfunn	Fleire sektorar deltek på digitale nettverkssamlingar som omhandlar aldersvenleg samfunn og aldersvenleg lokalsamfunn. Representantar frå Helse og omsorg vert kopla på ved behov når det gjeld aldersvenlege bustader. Kommunen har gjennom hukommelses-team (HUK) samarbeid med HVL. Studentar har gjennom prosjekt gjennomført opplæringspakken frå Nasjonalforeininga ift. korleis bli eit demensvennleg samfunn.
Frivilligheit og brukarmedverknad	Det er oppretta brukarutval i fleire tenester. Kommunen ynskjer eit godt samarbeid med dei frivillige. I 2024 fekk me t.d. på plass ein lokal avtale der røde kors kan disponere ein kommunal bil for å hente heimebuande med utfordringar inn til arrangement på institusjon. Me ser på ulike modellar for å gjere det lettare for både innbyggjarar og tilsette med å finne fram i det kommunale systemet t.d. med kva som skjer, ulike tilbod osv. Me ser t.d. på ein modell som Voss har «Ei dør inn», Helse og omsorg hadde representant i verkstad «Folk, fritid og kommune». I dette arbeidet fekk me fram god innsikt i ulike utfordringar knytt til utsette grupper. Dette vert jobba vidare med og har danna grunnlag for fleire team.
Velferdsteknologi og innovasjon	Velferdsteknologi: Kommunen tilsette koordinator for velferdsteknologi som starta opp i stillinga 1.oktober 2024. I desember starta ein opp eit eige team for arbeid med velferdsteknologi, med tilsette frå ulike tenester og soner i kommunen. Teamet skal arbeide med å få oversikt over og planlegge tiltak for å ta i bruk meir velferdsteknologi. Basert på Heilheitleg tenestemodell for velferdsteknologi arbeider teamet med å få oversikt over oppgåver, roller og ansvar som må ivaretakast for at velferdsteknologi skal bli ein integrert del av tenestene. Bruk av velferdsteknologi er sektorovergripande og inneber eit tett samarbeid mellom fleire instansar som IKT, helsepersonell, Alarmsentralen, tildelingskontor, tekniske tenester m.fl.

	Digital heimeoppfølging (DHO) : Sogndal kommune deltek i eit spreingsprosjekt for DHO der Sunnfjord kommune er vertskommune. Det er tidlegare testa ut DHO for enkelte brukarar ved Frisklivssentralen, og i 2024 vart det starta opp utprøving på pasientar med diagnose KOLS /hjartesykt. Det er sett ned ei arbeidsgruppe i kommunen med koordinator for velferdsteknologi og tilsette frå legetenesta, heimetenesta og institusjon. Hovudfokus i arbeidet er å kartlegge gevinstar, korleis utprøvinga kan organiserast og aukast opp, og korleis få DHO inn i drift. Prosjektet og utprøvinga held fram inn i 2025.
--	--

6.3.3 Fellesansvar helse og omsorg

I samband med andre tertial vart det rapportert at fellesansvar helse og omsorg vart framskriven med eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr. Med bakgrunn i framskrivinga så vart budsjettet redusert med 1,9 mill. kr. I dette mindreforbruket var det medteke ikkje fordelte tilskotsmidlar på 1,3 mill. kr til kompetanseheving – desse tilskotsmidlane skulle ein ha teke omsyn til i framskrivinga, samt korrigert dette på dei tenester i helse og omsorg som er omfatta av dette. Korrekt justering i samband med T2 skulle ha vore 0,6 mill. kr og ikkje 1,9 mill. kr.

Tabell 6.3.3: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestområdet fellesansvar helse og omsorg

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar helse og omsorg	10 516 376	8 993 769	9 998 188	1 004 419	11 %
400	Fellesansvar helse og omsorg	10 737 378	9 214 771	10 379 083	1 164 312	13 %
402	Skjenkekontroll	-221 000	-221 000	-380 895	-159 895	72 %
415	Interkommunalt miljøretta helsevern	-2	-2	0	2	-100 %

6.3.4 Tildelingskontoret

Rekneskap for 2024 viser at tildelingskontoret har eir meirforbruk på 0,6 mill. kr. Meirforbruket er knytt til feil framskriving på kjøp av varer og tenester. Refusjonar frå staten knytt til ressurskrevjande tenester er høgare enn estimert (5,1 mill. kr) samt at det føreligg eit mindreforbruk knytt til lønn (1,22 mill. kr).

Tabell 6.3.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestområdet tildelingskontoret

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Tildelingskontoret	40 902 387	33 126 454	33 739 687	613 233	2 %
410	Tildelingskontoret	40 902 387	33 126 454	33 739 687	613 233	2 %

6.3.5 Institusjon

Sogndal helse og omsorgssenter (SHOS)

Rekneskapen synar eit mindreforbruk på 1,55 mill. kr mot revidert budsjett. Dette er i hovudsak knytt til lågare utgifter til løn enn det ein la til grunn i revidert budsjett.

Leikanger sjukeheim og heimeteneste

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 1,67 mill. kr mot revidert budsjett.

Meirforbruket ligg i hovudsak på overtid og innkjøp av vikartenester. Eininga fekk i andre halvår tilført ein ressurskrevjande brukar. Dette vart ikkje justert i budsjett og ein må derfor sjå meirforbruk opp mot delar av mindreforbruket på bu- og miljø der refusjonen treff.

Balestrand helsetun og heimeteneste

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,12 mill. kr mot revidert budsjett.

Mindreforbruk er mellom anna knytt til eit tilskot frå NAV på 0,7 mill. kr ein ikkje visste omfang av før i desember 2024 samt ein avrekning på drift av legevaktsatelitt i Balestrand for 2023 på 0,56 mill. kr. Det har vore eit høgt sjukefråvær inne på Helsetunet i 2024, det blir jobba aktivt med å få ned sjukefråværet.

Tabell 6.3.5: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestoområdet institusjon.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Institusjon	163 347 452	193 586 096	192 770 648	-815 448	0 %
420	Balestrand helsetun	44 035 349	49 222 746	48 102 915	-1 119 831	-2 %
430	Leikanger sjukeheim	43 359 371	51 071 643	52 857 784	1 786 141	4 %
440	Institusjon Sogndal	48 769 508	60 616 844	59 067 488	-1 549 356	-3 %
444	Bustadar med heildøgns pleie og omsorg (Prestahagen)	27 183 224	32 674 863	32 742 462	67 598	0 %

6.3.6 Heimetenester Sogndal + kjøken og dagsenter SHOS

Heimetenester Sogndal

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 1,04 mill. kr mot revidert budsjett. Ein vesentleg del av meirforbruket er leige og drift av køyretøy. Heimetenesta har hatt fleire endringar inneverande år knytt til å betre måten tenesta jobbar på. I dette ligg aktive val om å auke tal køyretøy for å betre utnytte ressursane.

Produksjonskjøken SHOS

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,2 mill. kr som i hovudsak knytt seg til høgare prisvekst på mat og forbruksvarer enn budsjettert.

Tabell 6.3.6: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenestoområdet heimetenester + kjøken og dagsenter SHOS.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Heimetenester + kjøken og dagsenter SHOS	40 702 427	54 701 985	55 834 874	1 132 889	2 %
446	Dagsenter SHOS	1 778 856	1 826 813	1 752 929	-73 885	-4 %
448	Produksjonskjøken SHOS	-238 273	5 019 421	5 190 867	171 446	3 %
450	Heimetenester - Sogndal	39 161 844	47 855 751	48 891 078	1 035 327	2 %

6.3.7 Bu- og miljøtenester

Leiing og sone Sogndal

Rekneskapen synar eit mindreforbruk på 1,52 mill. kr. Dette knyt seg i hovudsak til feil budsjettering jf. refusjonar. Ein statleg refusjon frå Integrering- og Mangfoldsdirektoratet (IMDI) på kr 0,75 mill. kr er knytt til avlastningstilbod for ressurskrevjande born. Felles refusjonskrav vert sendt frå flyktningtenesta i kommunen. Vidare har ein rekneskapsført høgare beløp for ressurskrevjande brukarar enn det som låg til grunn i budsjett (0,7 mill. kr).

Sone Stedje

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,20 mill. kr. Dette er knytt til høgare beløp for ressurskrevjande brukarar enn det som låg til grunn i budsjett.

Sone Leikanger

Rekneskapen synar eit mindreforbruk på 5,24 mill. kr. Dette er knytt til høgare beløp for ressurskrevjande brukarar enn det som låg til grunn i budsjett (2,58 mill. kr), samt mindre utgifter til løn enn budsjettert (2,79 mill. kr).

Sone Balestrand

Rekneskapen synar eit mindreforbruk på 0,45 mill. kr mot revidert budsjett. Dette er knytt til høgare beløp for ressurskrevjande brukarar enn det som låg til grunn i budsjett. Ein opplever store utfordringar i høve rekruttering til ledige faste stillingar. Dette medfører høg vakanse i stillingar, rekrutteringsproblema og sjukefråvær. Dette gir igjen utslag i bruk av overtid.

Tabell 6.3.7: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet bu- og miljøtenester.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Bu- og miljøtenester	78 852 020	89 306 386	80 446 772	-8 859 614	-10 %
454	Bu og miljø - Leiing + Sone Sogndal	18 848 776	21 655 744	20 140 558	-1 515 187	-7 %
455	Sogndal ressurscenter	2 947 092	2 992 890	2 871 908	-120 982	-4 %
460	Bu og miljø - Sone Stedje	16 748 152	19 426 174	18 228 567	-1 197 607	-6 %
462	Bu og miljø - Sone Leikanger	11 403 577	13 532 029	8 287 887	-5 244 142	-39 %
464	Bu og miljø - Sone Balestrand	28 904 423	31 699 548	30 917 851	-781 696	-2 %

6.3.8 Lege- og jordmorteneste

Legesenter

Rekneskapen synar eit meirforbruk på 0,27 mill. kr for legesentera - Sogndal/Leikanger og Balestrand mot revidert budsjett. Dette er knytt til innleige av vikarlegar for alle legesentera. Bruk av legevikarar vil halde fram i 2025.

Legevakt

Rekneskapen synar eit meirforbruk på 0,87 mill. kr mot revidert budsjett. Dette knytt seg til blant anna kostnadsauke på drift av legevaktsentralen ved Lærdal

lokalmedisinske senter (0,6 mill. kr). I tillegg er det eit meirforbruk på lønskostnader til legevaksordninga (0,2 mill. kr). Meirforbruk på løn skuldast manglande budsjettering av pensjonskostnader.

Jordmortenesta

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,45 mill. kr mot revidert budsjett. Auka utgifter til fastløn, overtid og arbeidsgjevaravgift er årsaka til meirforbruket. Deler av meirforbruket på overtid har sin årsak i at Helfo ikkje lenger refunderer alle type jordmoroppdrag.

Tabell 6.3.8: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet lege- og jordmorteneste.

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Lege- og jordmorteneste	32 893 660	35 854 871	37 445 780	1 590 910	4 %
470	Legeteneste - Sogndal	15 248 405	16 327 754	15 849 735	-478 019	-3 %
471	Legeteneste - Leikanger	4 144 041	4 840 682	5 601 793	761 111	16 %
472	Legeteneste - Balestrand	5 002 687	6 188 993	6 176 593	-12 400	0 %
477	Jordmorteneste	3 395 197	3 480 844	3 925 983	445 138	13 %
479	Legevakt L og S	5 103 330	5 016 597	5 891 675	875 078	17 %

6.3.9 Psykisk helse og rus

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 2,3 mill. kr. Mindreforbruket skuldast blant anna høgare refusjon og delvis vakanse/permisjonar i nokon stillingar løpet av året. Dette utgjer store delar av mindreforbruket. Ein har og fått statleg tilskot til ulike utviklingsprosjekt. Blant anna til Rask psykisk helsehjelp (RPH) og aktivitet.

Tenesta er i stadig utvikling. Aktivitetshuset vart ferdig på slutten av 2024 og er sett i drift. Ein skal framover utvikle aktivitetar og tilbod med involvering og høg brukarmedverknad. I 2024 vart rask psykisk helsehjelp etablert. Satsing på området fortset gjennom å vidareutvikle rask psykisk helsehjelp og lågterskeltenesta generelt, samt ha eit heilskapleg tenestetilbod til alle brukargrupper.

Tabell 6.3.9: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet psykisk helse og rus.

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Psykisk helse og rus	25 754 729	26 713 989	24 343 706	-2 370 283	-9 %
473	Psykisk helse og rus - Sone Sogndal	6 849 470	7 130 101	6 458 843	-671 258	-9 %
474	Psykisk helse og rus - Plassen 4	8 537 470	8 893 555	8 184 119	-709 436	-8 %
475	Psykisk helse og rus - Seljetunet	1 698 914	1 775 621	1 754 676	-20 945	-1 %
476	Psykisk helse og rus - Helseteam	8 668 875	8 914 712	7 937 628	-977 084	-11 %
481	Psykisk helse og rus - Leikanger	0	0	8 440	8 440	0 %

6.3.10 Ergoterapi, fysioterapi og frisklivssentralen

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,34 mill. kr for 2024. Dette skuldast ei nedjustering av revidert budsjett, overforbruk på lønn og reduserte inntekter på

eigenandelar i høve forventa. Dette kan igjen ha samanheng med periodar med vakante stillingar (og redusert inntekt), og meir fokus på førebygging og arbeid med tenesteutvikling i team. Dette gir ikkje inntekter på pasientbehandling, men kan bidra til innsparingar totalt i kommunen.

Tabell 6.3.10: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet ergoterapi, fysioterapi og frisklivssentralen

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Ergoterapi, fysioterapi og friskliv	11 052 309	10 717 136	11 058 375	341 239	3 %
480	Ergo- og fysioterapi	11 052 307	10 717 134	11 058 375	341 241	3 %
489	Frisklivssentralen	2	2	0	-2	-100 %



Foto: Mariann skau

6.4 Samfunn

6.4.1 Kort om kommunalområde samfunn

Kommunalområde samfunn skal legge til rette for å skape positiv utvikling i kommunen gjennom å jobbe saman med næringsliv, dei frivillige organisasjonane og innbyggjarane i kommunen. Saman har me eit særskilt ansvar for å bidra til at måla og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten me drifter kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv samskaping med andre, både internt saman med andre sektorar og med eksterne. Kommunalområdet skal òg forvalte lovverk og vere myndigheitsutøvar, yte drift og tenesteproduksjon både til andre sektorar internt i kommunen og direkte til innbyggjarane, og på denne måten vere ein aktiv aktør for å få til ynskt samfunnsutvikling i Sogndal kommune.

6.4.2 Plan og teknisk

Plan og teknisk omfattar plan og forvaltning, veg og grøntanlegg, vatn og avløp og bygg og eigedom. Sektoren hadde i 2024 eit mindreforbruk på 12,3 mill. kr. Vesentlege budsjettavvik vert omtalt under tenesteområda.

Tabell 6.4.2: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde plan og teknisk.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Plan og teknisk	99 023 590	100 869 293	88 534 098	-12 335 196	-12 %
500	Felles plan og teknisk	29 697 058	30 912 868	31 470 947	558 079	2 %
510	Plan og forvaltning	11 615 736	10 829 274	8 640 713	-2 188 562	-20 %
560	Veg og grøntanlegg	22 817 637	23 255 093	17 862 039	-5 393 055	-23 %
580	Vatn og avløp	-16 699 400	-16 326 031	-23 365 311	-7 039 280	43 %
600	Bygg og eigedom	51 592 559	52 198 089	53 925 711	1 727 622	3 %

6.4.3 Overordna mål og områdesatsingar i 2024

Tabell 6.4.3: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde plan og teknisk i 2024

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2024
Plan og forvaltning skal utvikle fagmiljøet, og få forvaltningsorganet til å etterleve samfunnsplanen på ein god og føreseieleg måte. Regionalt samarbeid og utviklingsprosjekt var òg ein del av satsingane i 2024.	Eininga har i 2024 hatt fleire utviklingsprosessar, seinast om teamstruktur og det regionale utviklingsprosjektet «Plan i Sogn». Det er framleis ein veg å gå i jobbe målretta på ein systematisk måte. Kommunen sin arealplan vart ikkje ferdig, men har hatt god framdrift i heile 2024.
Kartlegging av kommunale bygg	Alle føremålsbygg er scanna og ein har byrja på kommunale utleigebygg. Arbeidet med å få oversyn er omfattande.

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2024
Gjennomføre arbeidet med kommunal transportplan i tråd med vedteken planstrategi	KTP handsama politisk februar 2024, arbeid med handlingsplan starta opp.
Gjennomføre arbeidet med hovudplan for vatn og avløp i tråd med vedteken planstrategi	Hovudplanarbeidet har vore noko forsinka grunna kapasitetsutfordringar. Hovudplan for vatn vart handsama vår 2024, med oppstart av hovudplan for avløp påfølgande.
Digitalisering, smart drift og gode klimaløysingar for bygg og anlegg	Innføring av programmet LAFT til registrering og fordeling av arbeidsoppdrag gjennomført og i drift, samt at reinhaldsplanar og dagleg oppfølging av desse vert handtert i eigen modul her. Digitalisering ved smart drift og gode klimaløysingar av bygg og anlegg er ei langsiktig satsing som også var jobba med i 2024.
Planmessig gjennomgang for å optimalisere drift av offentlege grøntområde, parkar og torg	Internkontroll, organisering av arbeidet i arbeidsteam og HMS-arbeid har vorte meir systematisk dette året. Dette har betra kvalitet og effektivitet på driftssida. Manglar framleis ein samla plan som definerer driftsnivå og tiltak på ulike grøntområde. Arbeidet vil halde fram. Nye retningslinjer for sentrumsparken vart handsama i mars 2024.

6.4.4 Fellesansvar plan og teknisk

Tenesteområdet fellesansvar plan og teknisk omfattar brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret), Kyrkjelege fellesråd og andre trussamfunn og fellesansvar plan og teknisk. Rekneskapen syner eit samla meirforbruk på 0,5 mill. kr.

Meirforbruket fordelar seg mellom brann og ulykkesvern og fellesansvar plan og teknisk. Meirforbruket på brann og ulykkesvern, på 0,16 mill. kr, skuldast mindre inntekter knytt til kommunale gebyr for feiing. På fellesansvar plan og teknisk er meirforbruket på fellesansvar plan og teknisk på 0,4 mill. kr knytt til lønnsutgifter, samt kjøp av varer og tenester. Grunnen til dette er at budsjettet for ei stilling ikkje har vorte overført frå eit anna ansvarsområde.

Tabell 6.4.4: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet plan og teknisk

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Felles plan og teknisk	29 697 058	30 912 868	31 470 947	558 079	2 %
590	Brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret)	18 638 068	19 738 068	19 899 257	161 189	8 %
595	Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn	9 832 828	10 182 828	10 182 828	0	0 %
599	Fellesansvar plan og teknisk	1 226 162	991 972	1 388 861	396 890	40 %

6.4.5 Plan og forvaltning

Tenesteområdet plan og forvaltning omfattar plan, byggesak, oppmåling, miljø og ureining, jordbruk, skogbruk og viltforvaltning. Plan og forvaltning syner eit samla mindreforbruk på 2,2 mill. kr.

Plan

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak lågare lønnsutgifter som følgje av sjukefråvær og vakante stillingar. Samtidig har det også vore reduserte kostnader knytt kjøp av varer og tenester, særleg konsulenttenester, som er eit resultat av at områdeplanarbeidet er avslutta etter vedtak i sak PS 30/2024. Det har også vore ei mindre auke i inntekter. Ved utgangen av 2024 var det relativt store restansar, med både store plansaker, mindre endringar og dispensasjonssøknader.

Byggesak

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,25 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast auka kostnader knytt til kjøp av varer og tenester, særleg knytt til lisensar på dataprogrammet e-Byggesak. Det har også vore noko mindre inntekter enn forventa i budsjettet.

Fagområdet var ajour med sakshandsaminga ved utgangen av 2024, og har hatt tilfredsstillande drift. Av utviklingsoppgåver kan det trekkast fram at e-byggesak er innført som søknads- og handsamingsverktøy.

Oppmåling

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,3 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast mindre inntekter enn forventa i budsjett. Fagområdet var ajour med sakshandsaminga ved utgangen av 2024.

Miljø og ureining

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast lågare lønnsutgifter som følgje av sjukefråvær og vakante stillingar. Arbeidet med avlaup og større ureiningssaker vart lagt vekt på, men samtidig vart det gjennomført færre tilsyn enn planlagt. Mindre ureiningssaker vart nedprioriterte.

Jordbruk og skogbruk

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast sjukemelding og vakante stillingar for skog, og vakante stillingar på jordbruk. Fagområda har elles hatt god progresjon og har per no ikkje restanse.

Tabell 6.4.5: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet plan og forvaltning

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Plan og forvaltning	11 615 736	10 829 274	8 640 713	-2 188 562	-20 %
510	Plan	6 119 224	5 904 207	4 150 036	-1 754 171	-30 %
511	Byggesak	727 590	800 746	1 051 134	250 389	31 %
512	Oppmåling	866 828	948 514	1 220 770	272 256	29 %
515	Miljø og ureining	634 235	740 965	442 170	-298 795	-40 %
530	Jordbruk	2 140 637	1 792 778	1 559 324	-233 454	-13 %
532	Skogbruk	982 222	642 065	244 234	-397 832	-62 %
534	Vilforvaltning (viltfond)	0	0	-26 956	-26 956	0 %
540	Naturforvaltning og friluftsliv	145 000	0	0	0	0 %

6.4.6 Veg og grøntanlegg

Tenesteområdet veg og grøntanlegg omfattar hjelpemiddel, park, anlegg og gravplassar, samferdselbedrifter og transporttiltak, kommunale vegar og gatelys og parkering. Veg og grøntanlegg syner eit samla mindreforbruk på 5,4 mill. kr.

Park, anlegg og gravplass

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr mot revidert budsjett.

Mindreforbruket skuldast betre økonomistyring og føring av utgifter.

Samferdslebedrifter og transporttiltak

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,1 mill. kr mot revidert budsjett. Meirforbruket skuldast mindre leigeinntekter grunna tilstand på kai både på Leikanger og i Sogndal. Det er ikkje mogleg å ta i mot massar frå båt. Det er i tillegg nytta pengar til kaiundersøkingar.

Kommunale vegar og gatelys

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 2,9 mill. kr. Meirforbruket skuldast vedlikehald av vegnett og køyretøy og maskiner. Det har vore asfaltert veg for 1,5 mill. kr utover normal drift, medan vedlikehald av køyretøy og maskiner har auka med 0,7 mill. kr.

Det er også mykje feil knytt til gatelysanlegga i heile kommunen. Dette har gjort at ein har fått eit meirforbruk på vedlikehald av gatelys.

Parkering

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 8,4 mill. kr mot revidert budsjett.

Mindreforbruket skuldast høgare inntekter på parkering enn forventa. Dette heng saman med justering av pris på automatane og meir effektiv kontroll, samt fleire gebyr og fleire som betalar.

Meirinntektene på parkering er tillagt parkeringsfondet. Parkeringsfondet er dermed styrka med 6,1 mill. kr.

Tabell 6.4.6: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet veg og grøntanlegg

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Veg og grøntanlegg	22 817 637	23 255 093	17 862 039	-5 393 055	-23 %
552	Hjelpemiddel	232 622	582 148	621 159	39 011	7 %
560	Park, anlegg og gravplassar	1 777 047	1 842 625	1 710 160	-132 465	-7 %
565	Samferdslebedrifter og transporttiltak	-460 000	-259 000	-121 335	137 665	-53 %
570	Kommunale vegar og gatelys	21 267 969	20 935 244	23 872 596	2 937 351	14 %
572	Parkering	-1	154 076	-8 220 541	-8 374 617	-5435 %

6.4.7 Vatn og avløp

Vatn og avløp er sjølvkostområder. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 7,0 mill. kr mot revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast hovudsakleg svært lågt forbruk av midlar til driftsutbetringar.

Tabell 6.4.7: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet vatn og avløp

		Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Vatn og avløp	-16 699 400	-16 326 031	-23 365 311	-7 039 280	43 %
580	Vassforsyning (sjølvkost)	-13 673 013	-13 487 752	-14 334 603	-846 852	6 %
582	Avløp og rensing (sjølvkost)	-3 593 052	-3 407 298	-9 068 331	-5 661 032	166 %
584	Renovasjon (sjølvkost)	560 585	562 940	14 853	-548 086	-97 %
586	Slam (sjølvkost)	6 080	6 080	22 770	16 690	275 %

6.4.8 Bygg og eigedom

Bygg og eigedom syner eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kr mot revidert budsjett. Om lag 1,5 mill. kr av meirforbruket skuldast auka behov til skulemodular/skulelokale, lokale til tilbod til personar med rusproblem og aktivitetssenter eldre som ikkje har vore budsjettert.

Kommunale utleigebustadar har eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr. Dette skuldast langtidssjukemeldingar som har ført til mindre vedlikehald på utleigebustadane.

Reinhald har hatt eit samla mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Dette skuldast at ein har hatt problem med å få rekruttert i stillingar. I tillegg har reinhald lagt om til behovsstyrt reinhald og fått inn moderne maskiner og teknologi, samtidig som ein har fått tilført meir areal.

Dei andre postane må sjåast opp mot kvarandre, og det vil bli gjort ein gjennomgang av budsjett opp mot føring i 2025.

Tabell 6.4.8: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet bygg og eigedom

		Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Bygg og eigedom	51 592 559	52 198 089	53 925 711	1 727 622	3 %
600	Omsorgsbustader	-9 748 426	-9 709 966	-10 099 927	-389 961	4 %
601	Kommunale utleigebustader	-3 931 855	-3 893 234	-5 829 049	-1 935 815	50 %
602	Fellesansvar bygg og eigedom	3 910 231	3 283 273	5 627 138	2 343 866	71 %
603	Prosjekt og investering	718 909	840 709	727 681	-113 028	-13 %
604	Bustadkontoret	4 039 542	4 104 611	2 217 526	-1 887 085	-46 %
605	Skular	11 695 564	11 805 757	12 324 261	518 504	4 %
606	Oppvekstsenter	1 950 561	1 975 565	2 370 344	394 779	20 %
610	Kommunale barnehagar	4 762 812	4 807 832	4 683 231	-124 601	-3 %
615	Administrasjonsbygg	2 765 453	2 767 775	2 335 769	-432 007	-16 %
620	Sogndal helse og omsorgsenter	5 416 619	5 461 639	5 992 959	531 320	10 %
625	Leikanger sjukeheim	2 382 013	2 403 196	2 628 459	225 263	9 %
626	Avlastingsbustadar Stadheimgarden	273 968	273 968	209 301	-64 667	-24 %
628	Balestrand helsetun	1 655 506	1 662 538	2 143 939	481 401	29 %
629	Balestrand helsesenter	85 000	85 000	150 111	65 111	77 %
630	Kultur- og idrettsbygg	371 135	371 135	528 419	157 284	42 %
635	Sogndal kulturhus	-1 490 962	-1 490 962	206 461	1 697 423	-114 %
637	Belehalli	204 835	204 835	104 197	-100 638	-49 %
638	Saften	434 290	436 612	656 829	220 217	50 %
639	Andre næringsbygg	-941 501	-936 518	-340 067	596 452	-64 %
640	Aktivitetssenter	374 539	376 305	379 533	3 227	1 %
666	Reinhald felles	19 477 332	20 008 035	19 153 816	-854 219	-4 %
674	Reinhald SHOS	7 186 994	7 359 984	7 754 779	394 795	5 %



Foto: Mariann skau

6.4.8 Samfunn, kultur og innovasjon

Tenesteområda samfunnsutvikling og frivilligheit, kultur, digitalisering og IKT og NAV ligg til sektorområdet, i tillegg ligg Sogn Næring sitt oppdrag til sektoren.

Sektoren hadde i 2024 eit mindreforbruk på 4,9 mill. kr. Det har vore relativt store utgifter til økonomisk sosialhjelp til flyktingar. Dette har ført til at ramma har blitt utvida i løpet av året, også utover det som vart det faktiske behovet. Økonomisk sosialhjelp til flyktning vert finansiert av integreringstilskot.

Tabell 6.4.8: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde samfunn, kultur og innovasjon.

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn, kultur og innovasjon	74 642 080	77 973 810	73 053 123	-4 920 687	-6 %
700	Nav	17 419 539	17 959 896	14 631 527	-3 328 369	-19 %
720	Samfunn, kultur og innovasjon	9 933 485	8 428 908	7 514 046	-914 862	-11 %
740	IT og digitalisering	19 724 663	19 941 806	18 946 318	-995 488	-5 %
750	Kultur	21 034 135	22 543 009	23 011 436	468 427	2 %
790	Samfunn	6 530 258	9 100 192	8 949 796	-150 396	-2 %

6.4.9 Overordna mål og områdesatsingar i 2024

Tabell 6.4.3: Overordna mål og områdesatsingar for sektorområde samfunn, kultur og innovasjon i 2024.

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2024
Ta ei aktiv rolle i å utvikle utfarts- og friluftsområda saman med grunneigarar, brukarar og lokalsamfunna	Plan for friluftslivets ferdselsåre vedteke desember 2024
Bygge kulturkommunen Sogndal – drive fram ei målretta satsing på kulturfeltet i samsvar med den vedtekne kulturstrategien	Arbeidet med å bygge kulturkommunen Sogndal jf. vedteken kulturstrategi har god framdrift på fleire område: Kulturminne og kulturmiljø: Ny kulturmiljøplan er under produksjon, prosessen bidreg til meir kompetent kulturminnearbeid. Kulturhuset og ungdom: Utviklinga av ungdomslokale i kjellaren i Sogndal Kulturhus held fram. Vekentlege tilbod til ungdom på Leikanger og i Balestrand er starta opp og under konsolidering. To utekontaktar i 100 % stilling er tilsett v.h.a. eksterne prosjektmidlar frå Statsforvaltaren. Ei god utvikling av førebyggjande arbeid med ungdom i kommunen. Programmering av alle framsyningsflater i kulturhuset er av stabil og av høg kvalitet. Arbeid med vidareutvikling av kulturhuset som kulturell storstove startar opp i 2025. Bibliotek: Har høgt aktivitetsnivå og er ein arena for kunnskapsutveksling og debatt. Arbeidet med meirope bibliotek er starta opp. Nyopning av biblioteka på Leikanger Saften og Balestrand Holmatunet ila 2025. Kulturskule: Starta opp arbeidet med å kartlegge framtidas kulturskule i lag med Norsk kulturskoleråd i 2024, arbeidet held fram i 2025. Kunst: Kunstbygda Balestrand er i gang med aktivitetar og prosjekt som fletter saman aktørar på kunstfeltet. Døme: symposium og utstilling om vevkunst med regionale aktørar i Balestrand, kunst på Norturaveggen i Sogndal, innkjøp av nye premiar til kulturprisen.
Ungdom og psykisk helse - prioritere innsatsen mot ungdom som fell utom arbeidslivet gjennom tiltak «Jobblyst» og «Individuell Jobbstøtte (IPS)». I sentrum skal vere å få ungdom til å klare seg sjølv og komme i jobb.	Oppfølging av/tenester til ungdom (16-30) gjennom: • Ungdomsgarantien i NAV og det regionale oppfølgingsteamet for ungdom. • Samskaping med andre tenester i kommunen for å skape møteplass og aktivitet for unge vaksne på dagtid med behov for motivasjon og oppfølging for å

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2024
	komme i ein aktivitet, kvalifisering eller arbeid. Auke bruken av NAV sine tiltak og verkemiddel i ordinært arbeidsliv slik at fleire unge vaksne får moglegheit til å bli inkludert i ordinært lønna arbeid.
Koordinerte tenester til flyktningar - Utvikle samarbeid og kompetanse på tvers av sektorar og avdelingar for å gje gode og samordna tenester. Merksemd på å implementere ny integreringslov og etablere integreringsteam og få dette til å fungere godt. Målet er få flyktningane som kjem til Sogndal kommune å bli godt integrerte; klare seg sjølv med jobb, bustad og deltaking i fritidsaktivitetar og samfunnsliv.	Flyktingtenesta har jobba i høgt tempo sidan 2022 og har som klart mål at dei aller fleste flyktningane som avsluttar introduksjonsprogram skal gå ut i arbeid eller utdanning. Tidleg kartlegging, målretta introduksjonsprogram og god oversikt over moglegheiter for vidare kvalifisering eller arbeid er viktige føresetnader for å lykkast. Viktige satsingar for flyktingtenesta i 2024 har vore: - Vidareutvikle rask og god kartlegging av flyktningar (CV, jobbhåp, jobbønske og arbeidsmål) i samarbeid med sosialteamet i NAV og NAV Marknad og inkludering. - Vidareutvikle god og tydeleg informasjon til nybusette flyktningar i samarbeid med andre tenester i kommunen. - Å halde fram med å utvikle samarbeid med andre tenester i kommunen samt bidra med kunnskap og kompetanse i utviklingsprosjekt i kommunen som kan bidra til redusert del med låginntektsfamiliar, barnefattigdom og langvarig utanforskap.

6.4.10 Nav

Dei sosiale tenestene i NAV-kontoret omfattar økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, opplysning råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, mellombels bustad og individuell plan.

Tabell 6.4.10: Oversikt over budsjett og rekneskap for tenesteområdet Nav

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Nav	17 419 539	17 959 896	14 631 527	-3 328 369	-19 %
700	NAV	16 180 107	16 507 457	14 216 358	-2 291 099	-14 %
730	Flyktingtenesta	1 239 432	1 452 439	415 169	-1 037 270	-71 %

6.4.11 Fellesansvar Samfunn, kultur og innovasjon

Fellesansvar samfunn, kultur og innovasjon har eit samla mindreforbruk på 1,1 mill. kr mot revidert budsjett i 2024. Dette knytt seg til høgare refusjonar enn det som låg til grunn i revidert budsjett.

Attendebetaling på vel 1,7 mill. kr til staten for restmidlar på kommunalt næringsfond korona gjennomført.

Tabell 6.4.11: Oversikt over budsjett og rekneskap tenesteområdet samfunn, kultur og innovasjon

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn, kultur og innovasjon	9 933 485	8 428 908	7 514 046	-914 862	-11%
720	Fellesansvar samfunn, næring og kultur	9 933 485	8 428 908	7 333 317	-1 095 590	-13%
721	FUS-Sogn	0	0	180 728	180 728	0%

6.4.12 IT og digitalisering

IT og digitalisering har eit samla mindreforbruk på 1,0 mill. kr i 2024. Dette mindreforbruket er knytt til ein vakant stilling, samt periodisering av backuplisensar som er kjøpt for ein 3-årsperiode

Tabell 6.4.12: Oversikt over budsjett og rekneskap tenesteområdet IT og digitalisering

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	IT og digitalisering	19 724 663	19 941 806	18 946 318	-995 488	-5 %
740	IKT	17 473 754	17 690 897	18 414 140	723 244	4 %
741	Digitalisering	2 250 909	2 250 909	532 177	-1 718 732	-76 %

6.4.13 Kultur

Kultur omfattar fellesansvar kultur, Sogndal kulturhus, ungdomsavdelinga, Sogndal kulturskule, kulturminne og kunst og bibliotek. Samla har kultur eit meirforbruk på 0,9 mill. kr i 2024.

Sogndal kulturhus

Rekneskapen syner meirforbruk på 0,44 mill. kr. Dette skuldast ei feilbudsjettering for 2024 der løn til deltidstilsette (kinomaskinist, kioskmedarbeidar, kulturhusarbeidar) ikkje var lagt inn i budsjettet. Dette er no retta opp i.

Ungdomsavdelinga

Rekneskapen syner mindreforbruk på 0,48 mill. kr. Dette skuldast vakante stillingar som enno ikkje er utlyst i påvente av svar på søknadar om eksterne midlar og refusjonar.

Sogn Kulturskule

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,6 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at Sogndal kommune sine kostandar vart større i 2024 på grunn av ny fordelingsnøkkel av kostnader mellom Sogndal og Luster.

Tabell 6.4.13: Oversikt over budsjett og rekneskap tenesteområdet kultur

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kultur	21 034 135	22 543 009	23 011 436	468 427	2 %
750	Fellesansvar kultur	4 808 424	4 984 895	4 915 786	-69 109	-1 %
751	Sogndal kulturhus	2 376 227	2 558 341	3 002 481	444 140	17 %
752	Ungdomsavdelinga	1 576 468	2 243 829	1 762 636	-481 193	-21 %
755	Sogn Kulturskule	6 032 882	6 378 433	7 016 977	638 544	10 %
757	Kulturminne og kunst	627 494	627 494	634 778	7 284	1 %
760	Bibliotek	5 612 640	5 750 016	5 678 778	-71 238	-1 %

6.4.14 Samfunnsutvikling og frivillighet

Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på 0,15 mill. kr.

Kommunen har tre frivilligsentralar - Sogndal frivilligsentral, Leikanger frivilligsentral og Balestrand frivilligsentral. Leikanger frivilligsentral har eit mindreforbruk som følgje av lågare administrative kostnader. Balestrand frivilligsentral har eit mindreforbruk som følgje av lågare lønsutgifter, administrative utgifter og husleige enn budsjettet.

Samfunnsutvikling har eit meirforbruk på 1,2 mill. kr. Dette er knytt til meir lønskostnader, mindre eksterne prosjektilskot og uteståande prosjektmidlar.

Innbyggjartorg har eit meirforbruk grunna uteståande refusjonar.

Anlegg og friluftsliv har eit mindreforbruk på 0,54 mill. kr grunna refusjonar og eksterne prosjektilskot.

Tabell 6.4.14: Oversikt over budsjett og rekneskap tenesteområdet samfunn

		Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn	6 530 258	9 100 192	8 949 796	-150 396	-2 %
770	Sogndal frivilligsentral	656 715	675 520	630 124	-45 396	-7 %
771	Leikanger frivilligsentral	460 455	477 605	384 021	-93 584	-20 %
772	Balestrand frivilligsentral	734 657	1 184 105	366 940	-817 166	-69 %
790	Samfunnsutvikling	1 138 488	2 233 166	3 446 030	1 212 864	54 %
791	Innbyggjartorg	2 412 522	2 051 390	2 185 817	134 426	7 %
792	Anlegg og friluftsliv	1 127 421	2 478 405	1 936 865	-541 540	-22 %

6.5 Pensjon og lønsavsetjing

Fellesområdet pensjon og lønnsavsetjingar blir nytta til å setja av til lønnsoppgjeret, føring av premieavvik og avskrivningar. Opphavelag budsjettet var 34 mill. kr. I første tertial vart budsjettet auka med 5,8 mill. kr som følgje auke i pensjonskostnader, medan i andre tertial vart budsjettet redusert med 2 mill. kr som følgje av mindre utgifter knytt til lønnsoppgjeret. Revidert budsjett utgjorde derfor 37,8 mill. kr.

I løpet av året er lønnsoppgjeret fordelt ut på sektorområda. Lønnsoppgjer i 2024 utgjorde om lag 28,4 mill. kr. I tillegg er om lag 4,6 mill. kr knytt til heilårsverknad av tidlegare års lønnsoppgjer. Fellesområdet har eit mindreforbruk på 4,5 mill. kr.

Premieavviket (KLP og STP) for 2024 gav innbetalt pensjonspremie i 2024 som var 5,2 mill. kr høgare enn pensjonskostnaden som framkjem i rekneskapen (inntekt). Amortisering av tidlegare års premieavvik er 27 mill. kr (utgift). I sum gav dette negativ resultateffekt på 21,9 mill. kr (eks. arb.avg.) og positiv likviditetseffekt. Tilsvarende tal for 2023 var 76 mill. kr i premieavvik og amortisering på 18 mill. kr. Sum akkumulert premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift er 132,7 mill. kr, ein reduksjon frå 157,3 mill. kr i 2023. Det akkumulerte premieavviket skal kvart år amortiserast (utgift) med like årlege beløp, 1/7 for premieavvik oppstått i 2014 og seinare. Sum akkumulert premieavvik med positiv resultateffekt, har over tid bidrege til å styrke/oppretthalde rekneskapsførte disposisjonsfond.

Bruk av kommunen sitt premiefond i KLP til betaling av pensjonspremie er 56,4 mill. kr, mot 19 mill. kr i 2023, og bidreg til å redusere premieavviket og seinare amortisering.

Tabell 6.5: Oversikt over budsjett og rekneskap for fellesområde pensjon og lønsavsetjing.

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Løn og premieavvikavsetningar	34 000 000	4 784 155	147 191	-4 636 964	-97%
980	Fellesområde tenesteproduksjon - Bevilgningsskjema 2	34 000 000	4 784 155	147 191	-4 636 964	-97%

6.6 Kraft

Sogndal kommune har 30,8 GWh konsesjonskraft og 35 GWh heimfallskraft. 7 GWh av konsesjonskrafta vert nytta til eige bruk. Nedgang i kraftprisar gjennom året gjorde til at forventa inntekter vart justert ned frå 24 mill. kr. til 23,2 mill. kr. i revidert budsjett. Rekneskapen syner inntekter på 22,9 mill. kr i 2024.

For sal av konsesjonskraft vart netto inntekter på 20,6 mill.kr. Netto inntekter frå heimfallskraft vart 2,2 mill. kr. Konsesjonskrafta vart i 2024 seld gjennom fastpris, medan all heimfallskraft vert seld i spotmarknaden.

Tabell 6.6: Oversikt over budsjett og rekneskap for sektorområde kraft.

		Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kraft	-24 000 000	-23 200 000	-22 898 009	301 991	-1 %
981	Kraft	-24 000 000	-23 200 000	-22 898 009	301 991	-1 %

7 Interkommunale samarbeid

7.1 Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Indre Sogn. Arbeidet til miljøretta helsevern skal fremje innbyggjarane si helse og beskytte mot forhold som kan føre til helseskade. Kommunen er tildelt ansvar og oppgåver som forvaltningsmynde innanfor folkehelse og miljøretta helsevern. Dette er den instansen som utøver kommunen sitt forvaltningsarbeid, i nært samarbeid med kommuneoverlegen i kvar kommune. Miljøretta helsevern består av to fast tilsette. I tillegg er fire kommuneoverlegar knytt til samarbeidet. Sogndal kommune sine utgifter til miljøretta helsevern var 0,7 mill. kr i 2024.

7.2 Frisklivssentralen

Frisklivssentralen jobbar med livsstilendring. Tidleg innsats, førebygging og helsefremming vil gi meir helse til innbyggjarane på lengre sikt. Vidare vil me gjennom å styrke dette feltet gjere det mogleg for innbyggjarane å bli rehabiliterte etter sjukdom og skade og å kunne bu lengre i eigen heim. Sogndal kommune sine utgifter til frisklivsarbeidet var 1 mill. kr i 2024.

7.3 Legevaktsentral

Sogndal kommune har i lag med andre kommunar i Sogn avtale om legevaktsformidling. Legevaktsentralen (LVS) er lokalisert til Lærdal sjukehus. Kommunen sin avtalepart er Lærdal kommune. Kostnadane blir fordelt 40 prosent likt og 60 prosent etter folketal. Sogndal kommune sine utgifter til LVS i 2024 var 3,2 mill. kr. Dette er eit meirforbruk på 0,6 mill. kr opp mot budsjett.

7.4 Sogn IPR / Sogn KO

Kommunestyret vedtok i 2023 etablering av Sogn interkommunalt politisk råd og Sogn kommunalt oppgåvefelleskap som erstatning for regionrådet. Sognarådet interkommunalt politiske råd (IPR) er eit samarbeid mellom 6 kommunar i Sogn. Sognarådet har eit felles sekretariat med to faste stillingar lagt til Sogndal kommune. I 2024 var kontingenten for Sogndal kommune på 0,7 mill. kr.

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO) er eit oppgåvefelleskap for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Sogndal og Luster, med mål om å styrkja teneste- og samfunnsutviklinga i Sogn. Får 01.01.2024 vart Sogn KO eit eige rettssubjekt, registrert i Einingsregisteret, noko som har ført til at rekneskapen deira vart skilt ut frå kommunen. Sogndal kommune har ein eigardel i Sogn KO på 16,67 prosent.

7.5 Skog i Sogn

Skog i Sogn er eit interkommunalt samarbeid mellom Høyanger, Vik, Sogndal, Luster, Aurland, Lærdal og Årdal, der Sogndal kommune er vertskommune. Det er 3 stillingar med 2,6 årsverk som gjennomfører alle oppgåver etter skoglovgjeving og forvaltning som er lagt til kommunane. Føremålet er å gje ei fagleg forvaltning samt bidra til eit aktivt nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket i regionen. Sogndal kommunen sine utgifter til Skog i Sogn i 2024 var 0,9 mill. kr.

7.6 Sogn kulturskule

Sogn kulturskule er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogndal og Luster med Sogndal kommune som vertskommune. Sogn kulturskule har i dag om lag 4 årsverk. Hovudoppgåva er å samarbeide om å få gode tenester til brukarane og med mål om større breidde og høgare kompetanse enn eigen skule i kvar kommune. Sogndal kommune sine utgifter til kulturskule i 2024 var 9,2 mill. kr.

7.7 Sogn friluftsråd KO

Sogn friluftsråd kommunalt oppgåvefelleskap (KO) er eit oppgåvefelleskap for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Sogndal og Luster for å ivareta friluftssoppgåver for medlemskommunane. Frå 01.03.2024 blei Sogn friluftsråd KO eit eige rettssubjekt i Einingsregisteret, og vart dermed skilt ut frå rekneskapen til Sogndal kommune. Sogndal kommune eig 16,67 prosent av friluftsrådet. I 2024 var deltakaravgifta for Sogndal kommune på 0,3 mill. kr.

7.8 Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt

Sogn barnevern er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogndal og Luster, der Sogndal er vertskommune. Sogn barnevern (interkommunal del) har i dag om lag 17,8 årsverk.

Hovudoppgåva følgjer av lov om barnevernstenester sin føremålsparagraf § 1-1: *«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse. Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»*

Sogn barnevern er vertsskap for Sogn barnevernsvakt, som har vaktordning utanfor kontortid for kommunane i Sogn barnevern samt kommunane Høyanger og Vik.

7.9 Sogn PPT og logopedisamarbeid

Sogn PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik med Sogndal kommune som vertskommune. Kontoret har 10,6 årsverk som sakshandsamarar på PPT. Hovudoppgåva er å jobbe individ- og systemretta etter mandat i opplæringslova og barnehagelova.

Arbeidet er i stor grad blir individretta. Både barnehagar og skular melder frå om at dei har behov for innsats på systemnivå. Sogn PPT har også eit ynskje om å kunne arbeide meir systemretta som til dømes med rettleiing og tidleg innsats for på den måten å redusere trongen for spesialundervisning. Sogndal kommune sine utgifter til PPT i 2024 var om lag 4,5 mill. kr.

Logopedisamarbeidet vart oppretta i 2017. Dette samarbeidet omfattar i dag same område som Sogn PPT. Kontoret har 1,9 årsverk som utøvande logopedar. Logopedane jobbar direkte med personar i alle aldrar som har eit enkeltvedtak om behov for logoped etter barnehagelova og opplæringslova. Sogndal kommune sine utgifter til logopedi i 2024 var om lag 0,9 mill. kr.

7.10 Jordmorvakt

Kommunane Luster og Sogndal organiserer følgjeteneste og jordmorvakt i samarbeid med, og med finansiering på om lag 1,1 mill. kr, frå Helse Førde HF. Sogndal kommune har det administrative ansvaret for ordninga. Tilbodet om følgjeteneste omfattar ikkje innbyggjarane som bur i tidlegare Balestrand kommune. Der vert det gjeve tilbod om imøtekøyring med jordmor i ambulanse frå Førde sentralsjukehus. Sogndal kommune har også samarbeidsavtale med Helse Førde og Vik kommune om å hjelpe til ved behov.

7.11 Sogn brann og redning IKS

Selskapet dekkar kommunen sine oppgåver til brannvernberedskap, førebyggjande brannvern med feieteneste samt byggsakstilsyn. Sogndal kommune har i 2024 kjøpt tenester for om lag 19,6 mill. kr frå Sogn brann og redning IKS. Sogndal kommune sin eigardel i Sogn brann og redning IKS er 56 %.

7.12 Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS

SIMAS er eigd av kommunane i indre Sogn. Selskapet har som føremål å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering. Sogndal kommune sin eigardel i SIMAS IKS er 36,99 %. Innsamling av privat avfall vert finansiert av innbyggjarane etter prinsipp om sjølvkost.

7.13 Alarmsentralen IKS

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er eigd av 24 kommunar. Alarmsentralen er eit respons og kompetansesenter for eigarkommune med hovudvekt på tryggleiksalarmar og velferdsteknologi. Alarmsentralen er mottak for alarmar som brann, heis og andre tekniske alarmar.

7.14 Kommunearkivordninga i Vestland KO

Kommunearkivordninga i Vestland er eit kommunalt oppgåvefellesskap. 18 kommunar deltek i samarbeidsordninga. Føremålet med samarbeidet er å leggje til rette for at arkiva til deltakarkommunane vert handtert, teke vare på og formidla i samsvar med arkivlova. I praksis yter samarbeidet depottenester for papir og elektroniske arkiv, samt ordning og digitaliseringstenester.

7.15 Interkommunal samhandlingskoordinator

17 kommunar i regionen Sogn og Fjordane samarbeider om stillinga som samhandlingskoordinator. Føremålet med stillinga er vedteke i KS sitt rådmannsutval: «Stillinga skal vere kommunane i Sogn og Fjordane sitt felles talerøyr i høve til Helse Førde når det gjeld samhandlings, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå».

8 Investeringar

Investeringsutgiftene utgjorde 78,3 mill. kr i 2024, noko som er 87,5 mill. kr lågare enn revidert budsjett budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at framdrifta på fleire prosjekt ligg bak det som vart lagt til grunn i budsjettet, medan nokre større prosjekt ikkje er sett i gang.

Rammeløyving til kyrkja og kyrkjestove Kaupanger gravlund er budsjettert som tilskot til andre sine investeringar. Kyrkjestove Kaupanger gravlund er ikkje realisert i 2024. I tillegg til tilskot til kyrkja er saksomkostningar i samband med skjønn Fosshagen ført som overføring til andre. Samla tilskot til andre sine investeringar i 2024 er 26,8 mill. kr.

Investeringar i aksjar og andelar i selskap utgjorde 3,99 mill. kr, om lag 1,2 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette er knytt til eigenkapitalinnskott til KLP på 2,9 mill. kr, samt eigarandelen i Sogn KO og Sogn friluftsråd som utgjør om lag 1,1 mill. kr.

Tabell 8: Løyvingsoversikt investering

Økonomisk oversikt investeringar	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik
Investeringar i varige driftsmiddel	194 750 000	165 835 485	78 372 478	-87 463 007
Tilskot til andre sine investeringar	11 000 000	11 000 000	26 814 390	15 814 390
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 800 000	2 800 000	3 991 908	1 191 908
Utlån av eigne midlar	3 000 000	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter	211 550 000	179 635 485	109 178 776	-70 456 709
Kompensasjon for meirverdiavgift	-26 410 000	-18 914 297	-10 679 159	8 235 138
Tilskot frå andre	-14 000 000	-250 000	-9 252 926	-9 002 926
Sal av varige driftsmidlar	-	-	-270 235	-270 235
Sal av finansielle anleggsmiddel	-	-	-1 314 244	- 1 314 244
Utdeling frå selskap	-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-1 038 000	-	-553 370	-553 370
Bruk av lån	-165 340 000	-154 544 823	-80 134 277	74 410 546
Sum investeringsinntekter	-206 788 000	-173 709 120	-102 204 212	71 504 908
Vidareutlån	60 000 000	40 000 000	31 258 454	-8 741 546
Bruk av lån til vidareutlån	-60 000 000	-40 000 000	-31 258 454	8 741 546
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000 000	2 000 000	1 738 084	-261 916
Mottekne avdrag på vidareutlån	-2 000 000	-2 000 000	-17 301 172	-15 301 172
Netto utgifter vidareutlån	-	-	-15 563 088	-15 563 088
Overføring frå drift	-2 800 000	-5 926 365	-7 001 245	-1 074 880
Avsetjingar til bundne investeringsfond	-	-	15 589 769	15 589 769
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	1 038 000	-	-	-
Bruk av ubunde investeringsfond	-3 000 000	-	-	-
Dekking av tidlegare års udekkja beløp	-	-	-	-
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-4 762 000	-5 926 365	8 588 524	14 514 889
Framført til inndecking i seinare år (udekkja beløp)	-	-	-	-

Investeringsutgiftene vart lågare enn revidert budsjett, som følgje av dette er bruk av lån og kompensasjon for meirverdiavgift lågare enn budsjettert. Sogndal kommune har per 31.12.2024 133,2 mill. kr i unytta lånemidlar. Bruk av lån i 2024 var 74,4 mill. kr lågare enn budsjett.

Lån til vidareutlån var budsjettert med 40 mill. kr. Dette gjeld forskottering av spelemidlar til idrettshall på Kaupanger på 10 mill. kr, samt startlån. Bruk av lån til vidareutlån vart 31,3 mill. kr, om lag 8,7 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Dette skuldast at fleire av låna ikkje vart klare til utbetaling før i starten av 2025. Låneramma for startlån vart overført og det er sendt søknad om ny låneramme for 2025.

Overføring frå drift utgjorde 7 mill. kr i 2024. Dette er om lag 1,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Det dreiar seg om 2,8 mill. kr knytt til eigenkapitalinnskottet til KLP, investeringar på 0,52 mill. kr knytt til nyskapande aktivitetssanlegg kulturhuset, turveg Røvhaugane og Gapahuk Storaneset, samt investeringar i reinhaldsutstyr og utstyr på 0,56 mill. kr. Det gjeld også 2 mill. kr knytt til minnesmerke som vart dekkja med midlar frå parkeringsfondet.

Budsjettavviket dreier seg om eigarandelen i Sogn KO og Sogn friluftsråd. Dette utgjør om lag 1,1 mill. kr, og er finansiert med overføring frå drift.

Avsetjing til bundne investeringsfond var 15,6 mill. kr. Dette gjeld differanse mellom mottekne og betalte avdrag formidlingslån. Dei avsette midlane skal nyttast til å nedbetale gjeld til Husbanken.



Foto: Mariann skau

Under følger ein gjennomgang av kommunale investeringsprosjekt i 2024. Rapportering på økonomi er i forhold til revidert budsjett og ikkje i forhold til totalkostnadsramma.

8.1 Prosjektliste

Tabellen nedanfor viser investeringsutgifter fordelt på prosjekt i 2024. Tabellen syner opphavleg budsjett, revidert budsjett og rekneskap og kommentar til budsjettavvik og framdrift.

Tabell 8.1: Løyvingsoversikt investeringsprosjekt

Prosj. nr.	Investeringar i varige driftsmidlar	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Status	Kommentar
248	Dagsturhytte - Gulleplenipa	0	300 000	543 630	Under arbeid	Står att ferdigstilling når det vert arbeidstilhøve i 2025.
721	Hittunsfjæra småbåthamn	0	2 092 229	1 792 243	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025.
1720	Brannvassleidning Kaupanger	0	2 200 000	2 629 659	Ferdig	
1961	Aktivitetstilbod helse og rus	0	1 612 102	8 900 892	Ferdig	Endeleg rekneskap vil bli korrigert i 2025 med tilskot frå Husbanken.
1964	Gjestebygge	0	1 286 000	1 312 923	Ferdig	Rebudsjettering sak 19/2024.
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	0	0	3 988 882	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025. Forseinka grunna Riksantikvaren.
10023	Oppgradering møterom og kontorlokale Dalavegen 2	0	162 275	0	Utsett	Rebudsjettering sak 19/2024.
12401	IKT infrastruktur 2024	0	2 500 000	3 268 939		Rammeløyving: Meirforbruket skuldast forskottering av fiberutbygging Sæle – Lindane, som vert refundert frå VLFK.
12402	IKT innkjøp av PC-ar til skule og barnehage 2024	0	1 000 000	998 600		Rammeløyving
12501	Fiberutbygging 2025	0	0	361 875		Beløpet gjeld faktura datert i 2024 men som gjeld eit prosjekt i 2025 (gjeld mva-periodisering).
15360	Kleppa grunnkjøp	0	216 915	0		Rebudsjettering sak 19/2024.
20223	Musikkbinge Kaupanger	50 000	0	0		
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen	15 000 000	1 000 000	454 706	Under arbeid	I prosess med å finne gode løysingar for brukarane, forventa ferdig i 2025.

20305	Fosshagen barnehage	0	29 216 120	539 326	Under arbeid	Mindre slutføringsarbeid står att, forventa ferdigstilt i 2025.
20308	Tilbygg Belehalli	0	2 441 194	4 453 486	Ferdig	Mangelfull prosjektstyring, løysing dyrare enn føresett.
20603	Sanering av VA-anlegg Villavegen	0	118 407	0	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025.
20605	Trastadalsdammen	0	323 966	0	Utsett	Rebudsjettering sak 19/2024.
21303	Utbygging av skule og basis- og fleirbrukshall i Sogndal sentrum	31 000 000	10 257 507	2 075 900	Under arbeid	Orientering i eiga sak.
21401	Trafikktrygging	0	0	30 854		
21500	Avlaup-rammeløyving	10 000 000	1 680 000	0		Mindreforbruk skuldast kapasitet i 2024.
21501	Vatn-rammeløyving	15 000 000	220 000	0		Mindreforbruk skuldast kapasitet i 2024.
21504	VA-Kaupangervegen/Amla	0	1 000 000	848 234	Under arbeid	Rammeløyving: Slutføring gjenstår i 2025.
21505	VA-høgdebasseng Hodlekve	0	0	68 741		Planlegging starta.
21507	VA-Bryggjegota	0	0	132 747		
22102	Rammeløyving IKT	3 500 000	0	0		Sjå 12401 og 12402.
22300	Bygg-Rammeløyving	8 000 000	5 097 500	0		Mindreforbruk skuldast kapasitet i 2024.
22310	Barnehage Kaupanger	5 500 000	5 500 000	0	Under arbeid	Jobbar med val av løysing.
22311	Notsete barnehage	0	0	919 479		Naudsynt oppgradering.
22313	Altan Leighgota	0	286 100	193 750	Ferdig	Rebudsjettering sak 19/2024.
22325	Administrasjon og kulturlokale Saften	57 000 000	4 000 000	15 199 221	Under arbeid	Orientering i eiga sak.
22345	Balestrand helsetun - Utsifting av SD anlegget	0	279 798	0	Under arbeid	Rebudsjettering sak 19/2024 - Forventa ferdigstilt i 2025.
22346	Leikanger sjukeheim - Ny varmepumpe	0	55 747	1 049 254	Under arbeid	Mogeleg garantisak, forventa ferdigstilt i 2025.
22400	Veg-Rammeløyving	8 000 000	830 000	0		Mindreforbruk skuldast kapasitet i 2024.
22420	Minnesmerke Sogndalselvi	0	0	2 046 365	Ferdig	Kostnadsauke skuldast større omfang enn føresett.
22421	Gapahuk Storanaset, Kjørnes	0	290 000	206 032	Ferdig	
22422	Turvegprosjekt Røvhagane	0	180 000	223 750	Ferdig	

22424	Sogndal kai. Utskifting av skjørt og fendring	0	4 375 000	289 682	Under arbeid	Prosjektering starta, forventa ferdigstilt i 2026.
22425	Kjøp av bustader 2024	0	10 000 000	0		
22426	Kjøp av strategiske eignedommar	0	20 000 000	0		
22427	Restaurering av Storamyri	0	0	137 938		Prosjektering starta. Finansiert av tilskot.
22428	Turveg Balalii - Granlia	0	0	210 375	Ferdig	Ferdigstilling av tidlegare påbegynt prosjekt. Finansiert av tilskot.
22502	VA Kongabergvegen	0	4 442 411	300 348	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025.
23401	Trafikkløysing Leikanger barneskule	2 500 000	3 000 000	0	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025.
23402	Gatelys - utskifting	1 500 000	1 500 000	2 185 188		
23403	Oppgradering av Kvålevegen/gangvegar	15 000 000	5 000 000	0		Rapportering i eiga sak.
23404	Oppgradering av Amlavegen	0	10 984 070	30 427	Under arbeid	Prosjektering starta
23501	Hovudplan vatn	0	0	-727 125	Ferdig	Korrigeringsinvestering til drift.
23503	VA Renseanlegg Sogndal	1 000 000	1 000 000	0	Utsett	
23504	VA Nornes	20 700 000	5 700 000	112 044	Under arbeid	Prosjektering av ulike løysingar, forventa ferdig i 2025.
23506	VA OV Bråtane	0	0	87 972		
23551	Reguleringsplan Kvåle	0	1 500 000	1 239 030	Under arbeid	Rapportering i eiga sak.
23912	Grunnkjøp/sal - rammeløyving	1 000 000	915 000	0		
30223	Kaupanger skule	0	0	2 575 393	Ferdig	Fullføring av tidlegare påbegynt prosjekt.
30823	2.etg Holmatunet	0	2 788 227	3 370 309	Under arbeid	Forventa ferdigstilt 2025.
32401	HC-tilpassing Leikanger ungdomsskule	0	625 000	1 449 846	Ferdig	Rammeløyving
32402	Leikangerhallen - innkjøp av golvvaskar	0	200 000	200 000		Overføring frå drift til investering.
32403	Reinholdsmaskiner	0	1 750 000	1 718 760		Delvis overføring frå drift til investering. Del av omstillingsprosjekt reinhald.
32404	Oppgradering vindauge/dører Balestrand helsesenter	0	690 000	741 367	Ferdig	Rammeløyving
32405	Oppgradering Leitebakken 8	0	650 000	638 097	Ferdig	Rammeløyving
32406	Oppgradering av kunstgrasbaner	0	762 500	437 197	Under arbeid	Rammeløyving: Forventa ferdigstilt med dei siste banene i 2025.

32407	Oppgradering omsorgsbustader Lundheim 5 og 9	0	875 000	1 175 119		Rammeløyving
32408	Fallnetting Nybø barnehage	0	600 000	1 874	Under arbeid	Rammeløyving: Prosjektert, forventa ferdigstilt i 2025.
32409	Tilrettelegging for velkomstklasse - kommunehuset i Sogndal	0	1 200 000	247 883	Utsett	Rammeløyving
32410	Ventilasjonsanlegg SFO Sagatun skule	0	1 000 000	380 227	Under arbeid	Rammeløyving
42401	Liten lastebil	0	1 500 000	1 488 523		Rammeløyving
42402	Trafikktrygging - fartsdumpar Trolladalen og Gjertrudbakken	0	625 000	345 375	Under arbeid	Rammeløyving
42403	Trafikktryggingstiltak - Hjartesone Norane oppvekstsenter	0	1 000 000	1 235 903	Ferdig	Rammeløyving
42404	Trafikktryggingstiltak - sti Dalavegen - Trolladalen	0	625 000	338 059		Rammeløyving
42405	Trafikktryggingstiltak - veg/snuplass Kaupanger skule	0	500 000	702 647	Ferdig	Rammeløyving
42406	Rekkverk Øyragrendi	0	625 000	0	Utsett	Rammeløyving: Overført til 2025.
42407	Hodlekve bru	0	375 000	418 493	Ferdig	Rammeløyving
42408	Badebrygge Nybø	0	0	263 313	Ferdig	Rammeløyving
42409	Vegmur Hallandsvegen 3	0	250 000	85 758	Under arbeid	Rammeløyving
42410	Mur, autovern ved Navarsetevegen 38	0	320 000	0	Utsett	Rammeløyving
42411	Autovern og sikring av stein, Bråtane	0	375 000	404 561	Ferdig	Rammeløyving
42412	Intensivbelysning og gangfelt Leighota	0	375 000	165 818	Utsett	Rammeløyving: Vert sett i samheng med ny skule.
42413	Oppsamlande feiekost til Willie multimaskin	0	350 000	293 750		Rammeløyving
42414	Sykkelparkering Kaupanger skule	0	250 000	83 850		Rammeløyving
52401	VA køyretøy 2024	0	1 600 000	1 588 500		Rammeløyving
52402	VA Bedehuskummen	0	1 600 000	935 034	Ferdig	Rammeløyving
52403	Brannvatn KIL Kvernhusaugen	0	500 000	657 664	Ferdig	Rammeløyving
60123	Rasoppyrdding Tverrdøla	0	1 177 417	44 976	Under arbeid	Forventa ferdigstilt i 2025.
92401	Grunnkjøp BAS Røvhauge	0	85 000	70 000		
98901	Justeringsavtale Nedrehagen utvikling AS	0	0	47 171		
98902	Justeringsavtale Åsen & Øverlid	0	0	56 751		
98904	Justeringsavtale Gravdal bustadprosjekt	0	0	104 897		
	Sum varige driftsmiddel	194 750 000	165 835 485	78 372 482		

9 KOSTRA-tal

Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte førebelse KOSTRA-tal for 2024 den 17. mars. Rekneskapstala for kommunekonserna for 2024 viser ei ytterlegare svekking av kommunane sin økonomiske situasjon samanlikna med 2023, etter fleire år med samla sett gode driftsresultat.


Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) påpeika at den midlertidige meirskatteveksten i 2021 og 2022, saman med ein uventa høg kostnadsvekst i same periode, har skjult ein underliggjande ubalanse mellom inntekter og utgifter⁵. Dette har bidrege til at netto driftsresultat har falle kraftig og er under anbefalt nivå i både 2023 og 2024. Foreløpige rekneskapstal syner at av 335 kommunar har 192 eit negativt netto driftsresultat⁶.

Fleire år med gode driftsresultat fram til 2022, har gjort at kommunane har bygd opp betydelege disposisjonsfond. På grunn av kraftig fall i netto driftsresultat i 2023 og 2024, har mange kommunar måtte bruke desse midlane for å dekkje underskotet.

I vurdering/analyse av utviklinga til Sogndal kommune og ei samanlikning med eit gjennomsnitt for alle kommunane i landet (eks. Oslo) og KOSTRA-gruppa til Sogndal, blir det teke utgangspunkt i kommunekonsernet. Kommunekonsernet omfattar kommunen (kommunekassen) med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (kommunale oppgåvefelleskap (KO), interkommunale politiske råd (IPR)).

Utvikling av sentrale økonomiske nøkkeltal i perioden 2020 – 2024 for Sogndal kommune, gjennomsnitt for kommunane i landet (utan Oslo) og Kostra-gruppe 8.⁷

Figur 9.1: Utvikling av netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter.




⁵ Notat fra Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – 06. mars 2025.


⁶ Statistisk sentralbyrå (17.03.2025) Ytterligere nedgang i netto driftsresultat. [Ytterligere nedgang i netto driftsresultat – SSB](#)

⁷ [Kostra-gruppe 8](#): folketal 10 000-19 999, låge bundne kostnader, middels eller høge frie disponible inntekter (korrigerte inntekter) – totalt 13 kommunar i gruppa.


Figur 9.2: Utvikling av disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter.




Figur 9.3: Utvikling av langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter.



Figur 9.4: Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (viser kva ein renteauke på 1 prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med – t.d. for landet (eks. Oslo) om lag 0,54 prosent av driftsinntektene).



Figur 9.4: Eigenfinansiering av investering i prosent av brutto investeringar



Utgifter fordelt tenestegruppe - samanlikna med andre kommunar

Tabell 9.1 syner utgifter til ulike tenesteområde basert på tal frå rekneskap 2024.

Tala i tabellen viser netto driftsutgifter per innbyggjar korrigert for utgiftsbehov.

Fordeling av utgifter på ulike tenester følgjer ein eigen KOSTRA-retteljar. Sogndal kommune brukar 89 000 kr per innbyggjar til tenesteyting.

Tabell 9.1: Førebelse KOSTRA-tal for netto utgifter per innbyggjar for tenestoområda (Kjelde: Framsikt Analyse, Sogndal kommune)

Netto driftsutgifter per innbyggjar	Sogndal	KOSTRA-gruppe 08	Vestland	Vestervågøy	Stad	Voss herad	Luster
Grunnskule	19 797	20 549	19 438	20 871	18 528	20 792	23 805
Pleie og omsorg	31 946	28 313	27 416	24 246	27 364	25 810	27 095
Barnevern	1 570	2 898	3 085	2 103	2 153	2 639	2 115
Barnehage	10 681	12 267	11 443	11 719	11 385	11 266	12 309
Kommunehelse	5 389	5 762	4 822	5 139	3 892	5 170	5 362
Sosiale tenester	4 680	5 018	5 156	4 885	4 373	6 145	6 647
Kultur og idrett	2 494	3 565	3 153	2 918	2 467	3 346	4 477
Plan, kulturminne, natur og nærmiljø	1 647	1 443	1 275	965	1 647	1 478	1 775
Adm., styring og fellesutgifter	8 695	7 595	6 061	7 900	5 810	7 692	6 251
Andre områder	2 431	3 187	2 719	4 519	5 160	3 946	-471
Brann og ulykkesvern	1 600	1 660	1 273	1 222	1 010	1 095	1 872
Kommunale bustader	-161	33	458	-78	657	953	147
Samferdsel	1 859	2 338	1 228	2 027	2 935	2 805	5 061
Næringsforv. og konsesjonskraft	-1 691	-1 873	-1 177	361	-376	-1 710	-9 002
Landbruk	56	139	118	154	81	59	123
Kyrkje	768	890	819	833	853	744	1 328
Totalt	89 330	90 598	84 569	85 264	82 780	88 284	89 366

Sogndal kommune har noko lågare nettoutgifter per innbyggjar enn snittet for KOSTRA-gruppe 8. Dersom ein samanliknar Sogndal kommune med snittet for KOSTRA-gruppe 8, ser ein likevel at Sogndal kommune har høgare nettoutgifter per innbyggjar på tenestoområda pleie og omsorg og administrasjon, styring og fellesutgifter, samt plan kulturminne, natur og nærmiljø. På andre tenestoområde har Sogndal kommune netto lågare utgifter per innbyggjar enn snittet i KOSTRA-gruppe 8.

Det er særleg pleie og omsorg som skil seg ut. Rapporteringa syner at nettoutgifter til pleie og omsorgstenester i Sogndal kommune er om lag 3 633 kr høgare per innbyggjar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. På bakgrunn av vedtaka i kommunestyret i 2024 som gjennom både å endre måten vi jobbar på og å få utgreidd strukturelle endringar vil vi gjennom 2025 kunne hauste effekt også på KOSTRA-tala. Det handlar om å få løyst samfunnsoppdraget med nye og effektive måtar. Særskilt vil dette i første omgang gi utslag på administrasjon, styring og fellesutgifter, medan det vidare vil kunne gi utslag for pleie og omsorg. P.t. er det ikkje fordelt felleskostnader fullt ut, noko som ville endra fordelingsnøkkelen i KOSTRA mellom sektorane.

Skilnader i nettoutgifter kan skuldast både høgare utgifter på grunn av dekningsgrad, effektivitet eller tenestestandard/kvalitet og det kan skuldast lågare inntekter. Meir inngåande analysar må gjerast for å forklare skilnader.